


# *Leidarsteidn*



Årshefte 2010  
Bømlo Tur- og Sogelag

Pris kr 80,-

## Innhald

|   |       |
|---|-------|
| Forord ved leiar i Bømlo Tur- og Sogelag.....             | s. 3  |
| Tillitsvalde.....   | s. 4  |
| Hermansen-familien på Lykling.....                        | s. 5  |
| Paul Edvard Hermansen.....                                | s. 5  |
| Peter Hermansen.....                                      | s. 15 |
| Olav Andreas Hermansen.....                               | s. 25 |
| Erling Hope og redningsaksjonen på Grutle.....            | s. 29 |
| Arne Lødden.....  | s. 30 |
| Makrelldorging på Doggerbank.....                         | s. 31 |
| Eit makrellkast ved Laksaklubben sommaren 1963.....       | s. 34 |
| Konfirmantene fra Espevær som ble nektet konfirmasjon.... | s. 37 |
| Dei første båtane mine.....                               | s. 40 |
| Kystskipperskule på Bømlo.....                            | s. 48 |
| Før og no.....  | s. 51 |
| Baksidebilete.....  | s. 52 |

# Forord

Tru det eller ei, i år har Leidarsteidn 10 års jubileum. Heldigvis treng me ikkje skriva Leidarsteidn sin historie, den er godt bevart mellom permene. I starten tenkte me at det kom til å bli eit blaff, men der tok me heldigvis feil. Me kan nesten ikkje slutta, er nesten eit press frå lesarane våre om å halda fram. Det trur eg me kjem til å gjera òg. Eg vil benytta høve til å takka lesarane våre som støttar oss, og bidragsytarane for stoff. Hadde det ikkje vore for desse gruppene hadde det vore lite sannsynleg at bladet ville kome ut. Men hovudæra for at det har kome ut desse 10 åra er redaktøren vår Bernt Emil Vika. Han legg ned eit utruleg arbeid med heftet. Utan hans engasjement og kunnskap hadde det ikkje vorte noko Leidarsteidn. Tusen takk frå heile bygda, Bernt Emil.

I år har det vore Bergeshuset som har stått i fokus hos sogelaget. Det var mykje dårlegare enn me trudde. Takka vera hjelp frå tyske lærlingar og ikkje minst Magne Gravdal frå Sunnhordland Museum hadde me ikkje greitt dette arbeidet. Kledningen på nord- og vestsida er skifta. Her var det mykje dårleg. På sørsida var oppleggjene så dårlege at dei måtte skiftast òg. Me nytta då høvet til å vindtetta og lekta før me slo på ny kledning. På vestsida såg det rimeleg bra ut. Her nytta me berre vindtetting som vart klemd mot tømra med reker. Medan kledningen var av, vart det sprøyta mot mott og smurd med råtestopp. Det er nytta bordkledning med forskjellig breidde, som var vanleg på 1800 talet. Det samsvarar med den enkle empirestilen og skeivheitane i huset. Det er òg nytta bygningsspiker av den gamle sorten. Listverket er frest med profil inn mot glaset. Nordveggen skal handverkarar frå Sunnhordland Museum ta seg av. Vindaug-rammene frå stova mot sør-vest har vore til overhaling på museumsverkstaden. Her vart glasa tatt ut og rammene gjort reine for gammalt kitt og maling. Dårlege delar vart skifta ut og alt impregnert, sett saman, kitta og malt.

Heile det elektriske anlegget er skifta ut, med automatsikringar på alle kursane. Bømlo Elektriske har utført arbeidet.

Det har vore hardt økonomisk å greia dette, men det var heilt nødvendig. Me har fått 60.000,- i prosjektstøtte frå hovudsponsoren vår, Haugesund Sparebank, til Bergehuset. Utan desse midlane og støtte frå Finnås kraftlag hadde det ikkje vore mogeleg å redde huset. Tusen takk til banken og kraftlaget.

Faste tilsynsfolk for Bergehuset har i ei årrekke vore Knut Hegle, Eivinn Lodden og John Harald Bauge. Det siste året har dei gjort mykje arbeid innvendig i huset, m.a. laga til eit tenleg kjøken, reparert gruva m.m. Hjarteleg takk til dei for det gode arbeidet dei har lagt ned.

For at sogelaget skal greia dei oppgavene me har, er me heilt avhengige av hjelp og støtte, ikkje berre økonomisk, men òg når det gjeld dugnad. Me har forskjellige nemnder i laget som gjer ein veldig bra jobb. Men det tærer på dugnadsanda, det er så mykje ein skal vera med og støtta. Vil berre minna om at sogelaget treng nye medlemmer, både passive og aktive. Me er ein av dei få laga som òg set pris på dei passive. Tusen takk også til dei som gjer oss gåver. Me tek gjerne mot gamle fine kister sjølv om det ligg pengar på kistebotn - - -. Takk til alle som har gjort ein innsats for sogelaget i år!

Vil med dette ynskja alle medlemmer og lesarar ei riktig God Jul og eit Godt Nytt År!

Norvald Nytveit  
Leiar i BTS

## Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



**Haugesund Sparebank**

Sentralbord: 03240  
Telefaks: 52705001

# Tillitsvalde for Bømlø Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 18. mars 2010

## Styret

### Faste medlemmer av styret

|             |                                |
|-------------|--------------------------------|
| Leiar       | Norvald Nytveit, 1 år (gj.val) |
| Nestleiar   | Bernt Emil Vika, 1 år          |
| Kasserar    | Silje Vorland, 1 år            |
| Sekretær    | Odd Engen, 2 år (gj.val)       |
| Styremedlem | Kåre Skippervik, 2 år (ny)     |
| Styremedlem | Mie Grover, 1 år (ny)          |

### Varamedl. til styret:

|                                   |
|-----------------------------------|
| Nils Peder Holme, 1 år (gj.val)   |
| Inger Anne Hovland, 1 år (gj.val) |

## Arrangementsnemnd

|                                  |
|----------------------------------|
| Bernt Emil Vika, 1 år            |
| Endre Barane, 1 år               |
| Ove Aga, 1 år                    |
| Anne Karin Pedersen, 1 år        |
| Torhild N. Vika, 1 år            |
| Orcun Matben, 1 år (ny)          |
| Tjerand Pettersen, 2 år (gj.val) |
| Signe Lønning, 2 år (gj.val)     |
| John Kr. Bauge, 2 år (ny)        |
| Ivar Barane, 2 år (ny)           |

## Restaureringsnemnd

|                         |                                  |
|-------------------------|----------------------------------|
| Bergehuset              | Knut Hegle, 1 år                 |
|                         | John Harald Bauge, 2 år (gj.val) |
| Fridtun og Hilleborgst. | Arne Vorland, 1 år               |
|                         | Gisle Monsen, 2 år (ny)          |
| Kvernhus og Karinestova | Ståle Vorland, 1 år              |
| Saga                    | Normann Larsen, 2 år (gj.val)    |
|                         | Arvid Samdal, 1 år               |
|                         | Geir Vold, 2 år (ny)             |
| Ådnahytta               | Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val) |
| Kvernhus på Bergescidet | Reinert Hovland, 1 år            |

## Nemnd for merking av stiar

|                                       |
|---------------------------------------|
| Mie Grover / Lise Vestvik, 2 år (nye) |
| Arne Kr. Lønning, 1 år (gj. val)      |
| Reinert Hovland, 1 år                 |

## Skriftstyre

|                 |
|-----------------|
| Bernt Emil Vika |
| Odd Engen       |
| Norvald Nytveit |
| Berge Olson     |

## Valnemnd

|                   |
|-------------------|
| Ivar Barane       |
| Torunn Skippervik |
| Øyvind Monsen     |

## Internett

<http://www.b-ts.no>



# Hermansen-familien på Lykling

I Leidarsteidn for 2009 vart ekteparet Ole Andreas og Gustava Hermansen frå Lykling presentert. Sonen deira, lærer Jan Herman Hermansen i Espevær, vart også presentert i ein artikkel om den dramatiske flukta han og familien hans foretok til Shetland under krigen. I dette nummeret av Leidarsteidn kjem historia til tre andre av sønene til Ole Andreas og Gustava, Paul Edvard, Peter og Olav Andreas.

## Paul Edvard Hermansen

Fortalt til sønnen Gunnar Hermansen og  
supplert med andre kilder.

MT "Nyholt" torpedert 17. januar 1942.

9 januardøgn i åpen livbåt i Nord-Atlanteren.  
20 av 40 omkom.

Paul Edvard Hermansen var født 17.11.1907 på Lykling og døde 76 år gammel 21.12.1983 i Bergen.

Som gutt var Paul glad i å være på sjøen enten det var for å fiske vest for Bømlo eller det var å seile med familiens færing.

### Telegrafistkolen

Som ung mann reiste Paul til sjøs for å få fartstid. Paul tok så telegrafistkolen i Kristiansand. Etter ytterligere fartstid kom Paul tilbake til Kristiansand, nå for å ta styrmannskolen. Paul hadde tidlig satt seg som mål å gå på skipperskolen, men først trengte han noen års fartstid som styrmann for å komme videre. Disse drømmene ble brutalt stoppet av de store frostskaedene han fikk på beina etter torpederingen og med åpne sår på høyre fot, som aldri ville gro, og som måtte stelles daglig resten av livet. Etter krigen var Paul derfor ikke

i stand til å ha en jobb hvor han måtte stå og gå, så sjømannslivet måtte han bare glemme.

### Ekteskap

I januar 1938 giftet Paul seg med Klara Jenny Rosaas som han var blitt kjent med under studiene i Kristiansand. Bryllupsfesten ble holdt på Espevær. I november 1939 fikk Paul sitt første barn, Anne-Grethe, som han på grunn av krigen ikke så før han kom tilbake til Norge i november 1945. Paul og Klara Jenny fikk 3 barn. Det var også veldig sterkt for Paul når sønnen Gunnar ble født på selveste 8. mai i 1947.

### På langfart

Paul (32) reiste fra Norge en fin høstsøndag 1. september 1939 for å mønstre på som 3.styrmann og radiotelegrafist på tankbåten "Nyholt" tilhørende Haaland Rederi i

Haugesund. Da hans kone var gravid, var planen å være tilbake i Norge etter 6 måneder, men det gikk hele 6 år før Paul var tilbake og endelig fikk se sin lille datter.

Utreisedagen 1. september var samme dag som Tyskland gjorde invasjon i Polen. Storbritannia og Frankrike var Polens allierte og 3. september 1939 erklærte Storbritannia og Frankrike Tyskland krig. Dette var startskuddet til 2. verdenskrig.

9. april 1940 var "Nyholt" i San Pedro. De neste årene gikk "Nyholt" for det meste mellom USA og England lastet med bunkersolje for skip, men også en del turer fra USA til Canada og til Island.

### Håndhilste på Winston Churchill

I januar 1942 ankom "Nyholt" til Island fra USA med tankene fulle av bunkersolje for allierte skip. Winston Churchill var samtidig på Island for å ha et møte med USAs president Franklin D. Roosevelt. Noe av oljelasten fra "Nyholt" skulle overføres til Churchills slagskip "King Georg V" og skipene la seg derfor side om side i Kvalfjorden. Da overføringen av oljen startet, dukket plutselig selveste Winston Churchill opp på dekket og ville ha en omvisning ombord på "Nyholt". Siden Paul var en av offiserene ombord, fikk han anledning til å delta på omvisningen og snakke direkte med Churchill. Men den berømte sigaren måtte legges vekk under besøket, pleide Paul å si spøkefullt.

### Konvoy ON-52

Konvoien ble formet utenfor Reykjavik og eskortert av en ubåtjager og tre korvetter




*Klara Jenny Rosaas fra Kristiansand og Paul Edvard giftet seg 27. januar 1938 og fikk tre barn, Anne-Grethe, Gunnar og Arne.*

ble kursen satt mot New York via Grønlands sydspiss Kap Farvel og Cape Race på Newfoundland. På dette tidspunkt i krigen var dette regnet som en forholdsvis sikker rute, men tyskernes offensiv i dette området var under sterk utvikling.

Utenfor Grønlandskysten fikk konvoien kraftig uvær med orkan, tåke og sluddbyger noe som medførte at konvoien ble oppsplittet og "Nyholt" måtte fortsette alene mot New York. Mannskapet talte da 35 personer, pluss 2 skyttere fra den engelske marinen for å betjene kanonen, samt 3 norske passasjerer.



*Paul Edvard Hermansen*



*Paul (32) utenfor radiostasjonen på "Nyholt"*



*MT "Nyholt" var bygget ved Odense Værft i 1931. Skipet var på 12.350 tdwt og tilhørte Christian Haaland Rederi, Haugesund. 20 personer omkom. De yngste guttene ombord var helt ned i 17 års alderen.*

- Tidlig på morgenen den 17. januar rapporterte utkikken at han kjente en merkelig lukt, - eksos? Senere funderte vi på om ubåten hadde vært i overflatestilling for å rekognosere i ly av mørket, fortalte Paul.


### 17. januar kl. 2230 kom første angrep

Det var Paul som hadde kommandoen på broen da den første torpedoen fra den tyske ubåten U-87 rammet skipet midtskips babord, og "Nyholt" befant seg da 180 nautiske mil sør for Cape Race på Newfoundland, ett døgn seilas fra Halifax. På broen hadde Paul med seg matros Ingvald Knarvik som rormann og matros Haakon Ødegaard og lettmatros Louis Rolfsen som utkikk. Det var bekmørkt og Paul hadde akkurat gått ut på brovingen da det smalt.

Det ble nå fullt kaos om bord, vannet fosset inn gjennom en svær flenge i skutesiden. "Nyholt" fikk kraftig slagside mot babord, men ingen personer ble skadet under angrepet. Folkene samlet seg etterhvert på dekk, rolige, men med sine tanker.

Ordren var "Proceed to destination".

- For å gjøre det vanskeligere for ubåten ble det bestemt at vi skulle kjøre "sikk-sakk" kurs mot Newfoundland, men optimismen blant mannskapet var ikke stor, med en dødbringende ubåt i kjølvannet. Farten var også elendig da en motor hadde stoppet under angrepet. Dessuten var det sprengt et stort hull i skutesiden. Det ble jobbet under høytrykk nede i pumperommet for å rette opp skipet ved hjelp av ballasttankene, en svært krevende og risikofyllt jobb langt ned i skipet når man bare ventet på neste torpedo hvert sekund.



*Ruten fra Island til New York var lagt om Grønlands sydspiss Kap Farvel og videre via Cape Race på Newfoundland. Dette er regnet som en tøff, værhard strekning vinterstid.*

*180 nautiske mil sør for Cape Race ble "Nyholt" torpedert 17. januar 1942 av den tyske ubåten U-87.*

- Mannskapet samlet seg etter hvert på broen, men vi regnet med at styrehuset og radiostasjon like bak ville bli første mål dersom ubåten kom til overflaten og åpnet ild. Til tross for at hele brohuset og radiostasjonen var innkledd i solide betongblokker, var det så risikabelt å oppholde seg der, at mannskapet nå samlet seg lenger nede i båten. Dersom ubåten kom til overflaten var det også lite de to engelske skytterne kunne gjøre i mørket. Kikkertsiktene var kun brukbare i dagslys, og kanonen var en amerikansk 4,5 tommer fra 1918.

Kl. 0200 kom nytt torpedoangrep og ubåten fikk inn 2 eller 3 fulltreffere midtskips om babord. Lyset gikk og de som befant seg i pantryet ble løftet til værs mens porselensflisene fra dørken suste.

"Nyholt" hadde nå fått dødsstøtet og fikk en voldsom slagside mot babord. Det ble gitt ordre om å gå i livbåtene. Å få ut livbåtene under disse omstendighetene var svært krevende i





*Mannskapet fra "Nyholt" ble reddet av den canadiske destroyeren HMCS "St. Clair" og ankom Halifax i Canada 27. januar 1942.*

nattemørket og med den urolige sjøen. Flere livbåter og taljer var dessuten ødelagt i angrepet. Livbåtene holdt på å bli knust mot skipssiden da de ble låret ned mot den grove sjøen.

### **I livbåten**

- Folkene firte seg nå ned fra skipet, og 3 mann falt i sjøen og ropte om hjelp, men vi klarte bare å redde en. De to andre, byssegutt Harry Hopland fra Bergen og motormann Ragnvald Skåland fra Arendal forsvant i den svarte sjøen da vi ikke klarte å lokalisere dem. De hadde ikke lys og fløyte på redningsvestene, noe som senere ble påbudt. Vi rodde nå som gale for å komme klar av propellen som fremdeles gikk.

### **Skutt i brann**

- Kort etter kom ubåten som et uhyre sigende opp til overflaten og begynte å skyte "Nyholt" i brann med sine to kanoner. Det var et uhyggelig syn der vi satt i livbåtene og rodde det vi maktet for å komme ut i nattemørket. Det ble trolig avfyrt 40 – 50 granater mot "Nyholt". Beskytningen varte i vel 30 minutter og resultatet var et kjempemessig bål i den svarte natten med opprørt hav, snø og sluddbyger. Det ble også skutt opp lysgranater fra ubåten, men da var vi på vei inn i nattemørket. Vi hadde hørt sjøfolk fortelle historier hvor de tyske ubåtene også skjøt i senk livbåtene med forsvarsløse folk etter at skipet var skutt i brann. Vi rodde nå derfor alt vi maktet og lovpriste januarmørket....

Og "Nyholt" var på vei mot dypet.

- Den første natten var grusom, snøen lavet ned over oss i vår åpne livbåt, og havet var opprørt. Vi var stivfrosne og

utslitt etter nattens grufulle opplevelser.

- Da neste morgen kom, var vi 4 livbåter som utrolig nok var i nærheten av hverandre i det opprørte havet. Vi bestemte oss da for at vi skulle fordele oss i to livbåter. De svakeste ble etter umenneslig slit i den høye sjøen overført til den største livbåten som hadde motor. Resultatet ble 24 mann i min båt og 14 i den andre livbåten. Av de 24 i motorbåten var 9 helt utmattet og uten handlekraft.

Det eneste vern mot den iskalde snoen og sjøsprøyten som slo over båten var en presenning foran i livbåten og kroppsvarme fra kameratene.

Det ble nå organisert vakter for dem som var istand til det og rasjonering på 2-3 dl vann i døgnet og litt tørre kjeks.

- Den store livbåten tok nå den minste på slep for å holde sammen. En natt blåste det opp til storm, og slepet røk. Neste morgen traff vi utrolig nok igjen båten med 14 mann, men været var nå så dårlig at vi ikke klarte å komme nært nok til å få ombord ny sleper. Den kommende natten forsvant livbåten med 14 gode kamerater for alltid.

- Nettene var de verste, og spesielt var kulden og tørsten uutholdelig. Etter hvert som dagene gikk, ble vannrasjonen redusert til en halv desiliter to-tre ganger i døgnet. Da var det om å gjøre å holde vannet lenge i munnen før man svelget, akkurat som vinkjenneren gjør. Maten bestod nå av noen tørre skipskjeks og litt kjøtthermetikk.

- Tonen om bord var god hele tiden, og vi snakket om dagligdagse ting og om folk vi kjente. Vi tenkte mye på de hjemme og var glade for at de ikke visste noe om vår situasjon. Det ble også fantasert litt om hva vi skulle drikke når vi kom i land, noen ville ha kaffe, andre te eller melk, en drømte om nypresset saft fra friske appelsiner. Men ingen ville ha alkohol.

- 1. maskinisten vår Olaf Egeland fra Haugesund hadde vært svak lenge uten at det var så mye annet vi kunne gjøre enn å ligge på siden av han for å prøve å overføre litt kroppsvarme. Utpå natten ble det slutt på hans lidelser og neste morgen ble han begravet i sjøen med en enkel, men gripende sermoni som vi aldri glemte.

### **Redningen**

- Det niende døgnet døde også den skotske smøreren vår Michael Duffy. Mens vi holdt på å senke ham i havet innpakket i et regnplagg, kom flyet, en Lockheed Hudson maskin som etter endt konvoitjeneste var på vei tilbake til basen og tilfeldig oppdaget livbåten. Det var da slutt på vannet og alle var i en slik tilstand at alt håp om redning var oppgitt. Flyet sirklet



*Da Pauls sønner Arne og Gunnar i 1984 skulle gjøre noen reperasjoner i løen på Lykling fant de denne rustne tobakkesken inneholdene 3 brev sendt hjem til Lykling fra England med båter i nordsjøfarten.*

*Brevene lå i hønsehuset og var veldig godt gjemt. Først hadde far til Paul, Ole Andreas, demontert noen verpekasser fra veggen og så stukket esken så langt inn i muren at man måtte bryte opp gulvet fra oversiden før esken kunne bli synlig.*

*Den rustne blikkesken lå gjemt i over 40 år i muren og sannsynligvis var den glemst.*

*Et av brevene er signert sønnen Jan Hermann, som med hele sin familie flyktet til England med Espeværkutteren "Kapp I" påskeaften 1942.*

*De andre to brevene er signert Jens Olsen. Hvem denne personen er vet vi ikke.*

*Innholdet i brevene beskriver dagliglivet i England og omtaler bømlinger (uten navn) som hadde fått ny blå dress til jul, dette er tolket som at de var gått inn i marinen i England.*

*Da de gamle hjemme i huset på Lykling under hele krigen betjente bygdens telefonsentral var det mye trafikk i huset, også av tyskere. Dessuten var 2 sønner, Jan Herman og Olav flyktet til England og Paul var på "Nyholt" så det er forståelig at foreldrene Ole Andreas og Gustava var redd for at brevene skulle bli funnet.*

*Gjennom disse brevene fikk foreldrene også beskjed om at Paul "hadde blitt våt på beina".*

*Dette tolket de som at Paul var torpedert. Denne informasjonen kom fra sjøfolk fra Bømlo som formidlet dette til bømlinger i England som igjen formidlet informasjonen til foreldrene på Lykling via brevene som kom over med båtene i Englandstrafikken.*



*HKH Kronprins Olav og Kronprinsesse Märtha besøkte mannskapet samme dag som de ankom sykehuset.*

rundt oss i lav høyde og vi skrek og vinket det vi maktet. Etter noen runder slapp flyet ut to livvester festet til en oljesekk som inneholdt to termosflasker med kaffe og kakao, epler, noen appelsiner, sigaretter og fyrstikker. Dessuten noen smørbrød av flymannskapets niste. Inne i posen lå det en lapp; "Await rescue ship at 2 p.m"

- Vi delte maten i småbiter, men det alle ville ha var innholdet i termosflaskene som ble delt broderlig. De som var istand til å holde en sigarett fikk også to drag før den ble sendt videre.

- Utpå ettermiddagen oppdaget vi den canadiske destroyeren HMCS "St. Clair". Den var isbelagt og la seg forsiktig opp langs livbåten som også var helt nediset.

Marinegastene hjalp oss over i nettet. Så svake, stive og forfrosne som vi var hadde vi store problemer med å komme oss over i marinefartøyet.

- Det var som å komme til himmelen å få av seg de våte, kalde klærne. Vi ble lagt under lag med ulltepper i de varme lugarene og forsøkte å slurpe i oss en dråpe kaffe og litt eggedosis, fortalte Paul stille.

- Kapteinen vår, Alf P. Andersen, hadde lenge vært helt utmattet og døde etter noen timer om bord i marinefartøyet. Han hadde kjempet for å holde seg i live, men nå når han hadde sett at mannskapet var reddet, kom døden. Mannskapet på marinefartøyet ville senke ham i havet, men da protesterte vi og liket ble tatt med til Halifax.

## Faren drømte om torpederingen

Far til Paul, lærer Ole Andreas Hermansen på Lykling, var en rolig og sindig mann. Han fortalte at han en natt i januar 1942 hjemme i huset på Lykling drømte at Paul plutselig sto i døren. I drømmen spurte han Paul:

"tok de dere nå?" ..."  
"Ja", svarte Paul.

Faren fortalte senere at alt hadde vært så levende, og når han våknet om morgenen, var han med en gang litt forvirret og lurte på om Paul hadde vært hjemme, men skjønte jo straks at det bare hadde vært en drøm....



*På 17. mai 1942 var Paul og de fleste av mannskapet fremdeles på Camp Hill Hospital. Sykehuset hadde en besøksgruppe med damer som besøkte pasientene jevnlig.*

*På selveste 17. mai 1942 troppet de opp på sykehuset og samtlige av mannskapet fikk da en eske med amerikanske Chesterfield sigaretter og en eske fyrstikker. På lokkene til eskene var det påmontert et brodert norsk flagg. Dette var en gave som ble satt veldig stor pris på og Paul tok eskene med seg da han kom til Norge i november 1945.*

*I dag står dette minnet på pianoet hjemme hos sønnen Gunnar i Bergen.*

## En stor skuffelse

- Neste morgen, den 27. januar, ankom vi Halifax og sykebilene stod oppstilt på kaien. Noen klarte å gå i land for egen maskin, mens mange måtte på bære. Vi ble innlagt på Camp Hill Hospital. Det var en veldig stor skuffelse at det ikke var noen representanter fra konsulatet eller Nortraship som var møtt frem da vi kom til Halifax. Den eneste fremmøtte var den norske sjømannspresten Hindal. Alle hadde fått beskjed at vi kom. 21 overlevende ble brakt i land. En av våre passasjerer, Knut Meland fra Etne, døde på sykehuset like etter ankomst.

## Kongelig besøk ved sykesengen

Samme dag som mannskapet fra "Nyholt" ble lagt inn på Camp Hill Hospital fikk sykehuset besøk av Hans Kongelige Høyhet Kronprins Olav og Kronprinsesse Märtha.

Kronprinsparet var tilfeldigvis på offisielt besøk i Halifax den dagen og de kongelige ankom

sykehuset, bare noen timer etter at Paul var trillet ut fra operasjonstuen hvor alle tær på høyre fot var amputert på grunn av frostskaedene.

Paul fortalte at de kongelige tok seg god tid og satte seg ned ved sykesengene og snakket med sjøfolkene samtidig som den kongelige representasjons-masken ikke var tilstede.

- I vår situasjon opplevde vi besøket som veldig oppmuntrende, fortalte Paul.

Noen uker senere fikk sykehuset også besøk av daværende statsminister Johan Nygaardsvold (A).

Etter hvert som kreftene sakte kom tilbake, kom også erkjennelsen om at den andre livbåten med 14 mann var gått tapt. Dette hadde de vanskelig for å innse, og håpet fortsatt på redning for dem.

Noen ble på sykehuset i noen uker, andre opptil 2 år.



*På grunn av skadene i bena kunne ikke Paul reise til sjøs igjen etter krigen, da han hadde problemer med å stå og gå mye. Siden Paul også hadde gått på telegrafistkolen før styrmannskolen, fikk han jobb på radiostasjonen til Værvarslingen på Vestlandet og arbeidet der frem til pensjonsalderen.*

Senere ble Paul overført til rekonvalesent-hjemmet Kongshaug (Kings Hill), i Chester, noe han likte da det der var flere nordmenn. Senere fikk han jobb på Nortraship sitt kontor i Halifax, og fordi det var så mye å gjøre med avviklingen, kom ikke Paul til Norge før i november 1945. Først da fikk han se sin lille datter som ble født mens han var ute i 1939. Historien forteller at 6 år gamle Anne-Grethe var veldig sjalu på denne fremmede mannen som kom og tok mammaen fra henne.

- Hele den første dagen snakket hun ikke til meg og den andre dagen var hun fykene sinna og ropte "han skal ut av huset", fortalte Paul.

### **Sjøforklaringen**

På grunn av mannskapets helsetilstand var det ikke mulig å avholde sjøforklaringen før 23.

april, på Camp Hill Hospital. Det fremkom at "Nyholt" var utstyrt med gummidrakter som var datidens overlevingsdrakter. Disse var nylig utviklet i USA og det var tydelig under sjøforklaringen at det var disse draktene som reddet de fleste. Noen mente sogar at uten disse draktene ville ingen overlevd 9 døgn i sjøsprøyt og kulde i Nord-Atlandteren i januar. Det kom også frem at redningsutstyret på "Nyholt" var i perfekt stand. En annen viktig faktor var betydningen av solide og erfarne sjøfolk som tok ledelsen med å organisere oppholdet i livbåten.

### **Nortrashipfondet**

Sjøfolkene innsats var Norges viktigste bidrag til seieren. Nesten 4.000 norske sjøfolk ble drept og tusener skadet for livet. 510 norske handelskip gikk tapt. Har sjøfolkene fått den behandling de hadde krav på og er alle de flotte ordene fra myndighetene under krigen blitt fulgt opp? Her er det nok å minne om Nortrashipfondet som myndighetene nektet å utbetale til

sjøfolkene etter krigen. Først da Per Borten (SP) ble statsminister i 1965, skar han gjennom alle bortforklaringene og sørget for at sjøfolkene fikk en del av det de hadde til gode, de som fremdeles levde.

### **Rikstrygdeverket, en motstander**

Paul ble erklært 25 % medisinsk invalid på grunn av frostskaadene på bena og hadde da rett til en liten krigsskadepensjon. I mange år, til langt ut på 50 tallet måtte Paul kjempe mot byråkratiet i Rikstrygdeverket for å få det han mente han hadde rett til.

Etter mange års kamp og med støtte fra Sjømannsforbundet fikk Paul til slutt det han hadde krav på. At myndighetene skulle bli en motstander etter krigen etter alle de flotte ordene fra politikere under krigen, var nok vanskelig å forstå.

## Livet etter krigen

- Min far var ikke en mann med store ord, forteller sønnen Gunnar, og han snakket lite om sine opplevelser med "Nyholt" torpederingen. Selv mange tiår senere hadde nok Paul vanskelig for å snakke om sine opplevelser under krigen, men dersom du spurte så fikk du svar. Paul snakket aldri negativt om tyskere.

Like etter at Paul kom til Norge hørte han at de var i beit for folk til radiostasjonen på Værvarslingen på Vestlandet. Da han hadde telegrafistskolen og kunne begynne med en gang, fikk han jobb der. Han likte seg godt, og ble værende der frem til han ble pensjonist.

Paul elsket havet og han var i sitt ess når han var på Lykling og kunne reise ut på havet med motorbåten for å fiske, og etterpå gå innom Geitung for å klargjøre garn og liner mens karene satt på nøstet der og tok en blås i kveldingen.

## Tilegnet norske sjøfolk

*Førti tusen norske sjøfolk,  
En for alle, valgte strid,  
Valgte hjemløshet og lengsel,  
valgte flammedød og koldbrand,  
valgte drift på spinkle flåter,  
tusen ville mil fra hjelpen;  
evig heder skal de ha*

Nordahl Grieg



*Foran fra venstre: Gustava, Olav, Ole Andreas  
Bak: Jan Herman, Olin, Paul Edvard, Gustava (Lillemor) og Peter  
Bildet er tatt på Gustava og Ole Andreas Hermansen sin gullbryllupsdag 7. mai 1948.*

# Peter Hermansen

Av Bernt Emil Vika

Peter Hermansen vart fødd julaftan 24.12.1912 på Lykling. Han var nummer sju i ein barneflokk på i alt ti. Då Peter vart fødd, var kyrkja på Lykling omtrent ferdig. Den 24. januar 1913 vart kyrkja innvigd, og Peter var blant dei elleve barna som vart døypte i den nye kyrkja den dagen.

Barneskulen gjekk han på Lykling, der faren var lærar og småbrukar. Etter skulen dreiv han ei tid med fiske og anna arbeid. Då han var 18 år gammal, fekk han plass på Voss gymnas. Her gjekk han i tre år og tok artium i 1933. Deretter bar det til Oslo, til prestestudium på Menighetsfakultetet.



*Peter som nyutdanna prest*

På Voss hadde Peter fått ein kjæraste, Doris Seim, frå Tyssedal ved Odda. Ho flytta også til Oslo og vart sjukepleiar på Bærum sjukehus. Doris skulle koma til å bety mykje for Peter, både som ektefelle og som reddande engel.

Den 9. april 1940 gjekk Hitler-Tyskland til åtak på Noreg med ein stor flåte. Eit av krigsskipa, Blücher, skulle etter planen erobra Oslo. Men slik gjekk det ikkje, for ved Oskarsborg festning vart båten senka av fleire torpedoar, og mange hundre tyske soldatar omkom. Senkinga av Blücher gjorde at Kongen og regjeringa fekk tid til å koma seg ut av byen og greidde seinare å flykta over til England. Men andre krigsskip kom etter Blücher, og snart marsjerte tyske soldatar på Karl Johansgate.

Ved sjølvsyn opplevde Peter erobringa av Oslo. Han var nok like overraska som dei fleste andre nordmenn. Noreg hadde jo erklært seg nøytralt. Kunne dette vera sant? På radio kunne han høyra at tyske krigsskip hadde erobra Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Narvik. I Narvik var endå til to norske marineskip senka, og norske liv hadde gått tapt.

Peter var då komen mot slutten av prestestudiet og skulle berre ha nokre eksamenar seinare på året. Men på grunn av den usikre situasjonen som no hadde oppstått vart desse utsette, og Peter bestemte seg for å dra heim.

Det vart ein strabasiøs tur på ski vestover. Men heile vegen vart han og dei studentane han gjekk saman med godt mottekne med mat og husly. Etter nokre dagar var han framme på Geilo og kunne ta tog derifrå til Voss og vidare til Granvin. Her fekk han følgja ein båt til Kinsarvik. Målet var Tyssedal der kjærasten hans, Doris, kom ifrå. Der vart han verande nokre dagar, men han hadde ikkje fred på seg og syntest han måtte vidare vestover til foreldra på Lykling. Han fekk følgja ei skøyte til Leirvik på Stord, og derifrå tok han

beina fatt til Sagvåg. Ein skyssbåt sette han over til Foldrøyhamn, og så gjekk turen til fots til Lykling. Han var heime den 30. april, så turen frå Oslo hadde tatt nærare tre veker. På Lykling vart han så verande utover sommaren til dess han i midten av august reiste tilbake til Oslo for å ta eksamenane han ikkje hadde fått gjennomført.

Vel ferdig med eksamen kom han tilbake til Vestlandet og fekk etter kvart arbeid som prostihjelpereprest i Sunnhordland. Løna var 150 kr. månaden og han skulle arbeida ni månader i året. I denne perioden var han ei stund anleggsprest i Åkrafjorden og budde i anleggsbrakke saman med dei andre arbeidarane.

Som prostiprest i Sunnhordland fekk han ordinasjonsløyve og vart ordinert til prest den 30. mars 1941 i Bergen domkyrkje. Første gudstenesta han hadde i Lykling kyrkje var 2. pinsedag 1941.

Heile Noreg var no erobra av tyskarane. Dette tok omtrent to månader. Kongen og regjeringa hadde greidd å koma seg over til England. Quisling hadde utropt seg sjølv til ministerpresident, og Terboven var innsett som rikskommissær og Hitler sin representant i Noreg. Jødane var utpeikte til syndebukkar for alt som var gale og skulle utryddast. Den store transportskipet "Donau" hadde begynt å frakta jødar og motstandarar av det nazistiske regime til Tyskland og konsentrasjonsleirane.

Mange forordningar vart sett ut i livet under det tyske styret her til lands. Nokre hadde som formål å halda engelskmennene borte, men dei fleste var forordningar som skulle nazifisera og einsretta samfunnet. Mange var retta mot dei svake og mest sårbare, som t.d. barna. Andre var retta mot lærarar og prestar etter som desse med dei rette haldningane kunne påverka menneska dei omgav seg med til nazistisk tankegang.

Prestane vart pålagde å forkynna etter tyskarane si "pipe". Dette var det mange prestar som ikkje kunne gå med på. Eivind Berggrav, biskop i Oslo, leia motstanden. Saman med andre prestar forfatta han dokumentet "Kirkens Grunn", eit manifest der motsetningsforholdet mellom kyrkja og nazismen vart forklart. Dei som tilkjende seg



*Doris og Peter i gymnastida*



*Sanitetssøster Doris Seim*



dette skrivet sa samtidig frå seg den statlege delen av embetet sitt. Forkynning og skjelesorg vart oppretthalde. "Kirkens Grunn" er datert påskeaftan 1942, og vart lese opp i kyrkjene over heile landet. Peter las dokumentet opp i kyrkja i Austre Vikebygd.

Dei aller fleste prestane, også Peter, skreiv under på følgjande erklæring:

*Undertegnede prest tiltrer av fri overbevisning foranstående bekjennelse til Kirkens Grunn og - forsåvidt som jeg har en stilling i statskirken - erklærer jeg herved at jeg av samvittighetsgrunner nedlegger embedet, men akter fortsatt å utføre alt arbeid og all tjeneste i vår menighet som kan skjøttes av en ikke-embetsmann, idet jeg holder meg til Skrift, bekjennelse og alterbok for den norske kirke.*

Å skriva under på noko slikt var ei statsfiendtleg handling og kunne medføra arrestasjon og deportasjon, det var Peter fullt klar over. Men overtydinga hans om at den tyske einsrettinga var feil, gjorde at han likevel skreiv under.

I 1941 gifta han seg med Doris, og året etter fekk dei ein gut som dei kalla Olav. Peter fungerte no som prostiprest i Sunnhordland. Dei budde i andre etasje hos Paul Larsen, "Paul i Myrå".

Gestapo, det offisielle sikkerhetspolitiet i det nazistiske Tyskland, kom under ver med at Peter hadde signert dokumentet Kirkens Grunn. Ein sommardag i 1942, medan han var i ferd med å hogga ved, kom det telefonbeskjed frå handelsmannen at no var gestaposkøyta komen inn til Lykling. Kort tid etter stod to mann frå Gestapo



*Peter og Doris gifta seg i 1941*

i tunet. Desse var kriminalsekretær Willie Kesting og hauptscharführer Johann Arndt, begge berykta for den hardhendte framferda si. Med seg hadde dei også ein tolk. Peter måtte avslutta vedhogsten og vart kommandert inn for å gjera seg klar. No skulle han av garde.

Han fekk beskjed om å pakka det nødvendigaste av klede og toalettsaker og ta med niste for ein dag. Den vesle guten deira låg i ei korg i stova og greip etter ei leike som hang i ein tråd frå taket.

Ein av dei tyske offiserane tok tak i leika for å få kontakt med guten, men Doris merka dette og flytta bestemt guten til ein annan stad. Medan Peter pakka, dreiv Gestapo ransaking i huset. For dei var det om å gjera å finna ytterlegare bevis på at han måtte arresterast. Ingenting "ulovleg" vart funne.

Reiseveska var no klar. Bibelen og ei salmebok var ein sjølvstekt del av innhaldet. Så stod den tunge avskjeden for tur. Peter strauk guten over kinnet og gav Doris ein god klem. Framtida var no svært uvis. Vile dei nokon gong sjå kvarandre igjen?

På veg ned til Lyklingsjøen bad Peter om å få gå innom til foreldra for å ta farvel. Det fekk han ikkje lov til. Nede ved sjøen møtte han handelsmannen som kom med følgjande trøystens ord: "Det er ein sterk herre du har med deg". Så bar det om bord i gestaposkøyta, og kursen vart sett mot Leirvik på Stord. Vel framme på Leirvik bar det rett i fengselet.

Dagen etter vart han henta av ei tysk vakt. Han skulle no fraktast til Bergen. På veg ned mot kaien vart han tatt igjen av Knut Dahl, ein forretningsdrivande på Leirvik som han kjende godt. Det var uråd for dei to å snakkast etter som den tyske vakta var med. Men Dahl mumla med seg sjølv slik at Peter høyrde det: "Han går ved min side, og leder min gang. Han blir ikke trett han som jeg. Og nådig han vokter meg livsdagen lang. Han sviker ei, sviker meg ei." Dette var sjølvstekt gode, trøystande ord for Peter i den situasjonen han no var.

Lensmann Henrik Robberstad i Bømlo hadde ordre om å frakta han til Bergen. Som den gode motstandsmannen han eigentleg var, var dette ei tung oppgåve for han. Men Peter var glad for at Robberstad vart med. Det var godt å ha ein kjenning å støtta seg på i den vanskelege stunda. Etter at transportoppdraget var gjennomført, drog Robberstad til Lykling for å orientera Doris om turen, og gi henne trøystande ord.

I Bergen vart han ført rett til Bergen kretsfengsel. Her vart han plassert i ei tarveleg einecelle. Han hadde ein brisk å ligga på med eit slags nattbord inntil. Toalettforholda var bytte og vaskefat. På



*Peter og Doris med sonen Olav*

veggen hang ei lita bokhylle med eit testament og ei salmebok. Jamnleg vart han utsett for harde avhøyr, men tyskarane fann ingen direkte bevis mot han.

I Bergen kretsfengsel vart han sitjande i 6 veker før han vart flytta til Ulven leir. Isolasjonen i fengselet hadde gjort han usikker i møte med andre folk, og i fyrstninga var det med stor grad av ubehag han var saman med andre medfangar. Men dette gjekk fort over, det var trass alt nærast å oppfatta som fridom på Ulven samanlikna med einecella i Bergen kretsfengsel.

På Ulven måtte han vera med på diverse "meningslaust" arbeid, m.a. å bera gjerdestaur att og fram og å pussa rust av hestesko. Elles var det relativt fritt for Peter på Ulven. Han fekk lov å halda andaktar, og dei song mykje på brakka.

Den 20. november vart han sendt vidare til Grini saman med ein del andre medfangar. Grini var den største interneringsleiren i landet. Her var det strenge reglar som gjaldt. Det var forbudt å ha lesestoff og skrivesaker på cella. Private eignelutar vart inndregne, men vaktene hadde oversett at Peter hadde Bibel og salmebok med seg frå Lykling. Desse ville han nødig gi frå seg, og fann ein gøymestad til bøkene bak panelet i cella. Det var god trøyst i desse bøkene, og Peter tok dei fram når han følte det var nokolunde trygt. På Grini hadde Peter fangenummer 5454.

Jula 1942 stunda til, og Peter fylte 30 år på julaftan. Saman med ein annan forkynnar, Kristian Scheldrup, fekk han lov til å halda andaktar og lesa juleevangeliet for andre fangar. Det vart gode høgtidsstunder av desse samlingane.

På Ulven hadde Peter blitt kjent med nokre ungdomar frå Odda som var internerte for sympati med kommunismen. Desse var no også flytta til Grini. Dei vart utsette for harde forhøyr, og dei frykta at dei ville bli sende til Tyskland. Men så langt kom dei ikkje, for forhøyra enda med dødsdom, og dei vart avretta på Trandum 1. mars 1943. Dette gjekk hardt inn på Peter. Desse flotte ungdomane han var blitt kjent med var no borte. Skulle det så lite til for å bli dømt til døden? Kven sin tur var det neste gong?

På Grini fekk Peter vita kvifor han var arrestert. Det var tre typer arrestordrer, skrivne på kvitt, rosa eller raudt papir, alt etter kor sterk anklagen var. Peter kom i den rosa kategorien, og grunnen til arrestasjonen var som følgjer:

*Hermansen er kjent for å vera tyskfiendtleg. Og han er sterkt mistenkt for å stå i forbindelse med ein fiendtleg stat. Det er å frykta at han vil halda fram med denne aktiviteten dersom han får vera fri.*

Den fientlege staten ein sikta til var England. Peter hadde rett nok vore med på å hjelpa flyktningar å røma til Storbritannia, men ingenting kunne bevisast. At Peter i det heile vart arrestert skuldast nok at han vart angitt. I etterkant av krigen fekk han tilbød om å få vita kven angivaren var, men dette ville han ikkje kjenna til.

Den 19. mars 1943 vart ein flokk på 134 mann av fangane på Grini ropte opp med beskjed om at dei skulle transporterast til Tyskland. Dette var dystre nyhende for dei det gjaldt, for rykta gjekk om at mange av dei som kom til Tyskland døydde etter kort tid.

Det vart gitt beskjed om at dei måtte pakka og gjera seg klare. Peter passa på å ta fram Bibelen og salmeboka frå gøymestaden bak panelbordet i cella. Desse bøkene ville han gjerne ha med seg.

Neste dag vart dei køyrde til Oslo og sette ombord i transportskipet "Donau". Peter og dei andre fangane frå Grini vart plasserte i forpigen av skipet. Turen til Stettin med "Donau" tok tre døgn. Frå Stettin gjekk så ferda vidare til Oranienburg med tog og så til fots til konsentrasjonsleiren Sachsenhausen, ca. 30 km utanfor Berlin.

"Donau" vart brukt av den tyske krigsmarinen til transport av fangar mellom Noreg og Tyskland under den andre verdskrigen. Skipet var bygt i 1929 og tonnasjen var på 9025 br.reg.tonn. Båten var utstyrt med luftvernsskyts og synkeminer. Ein av dei mest kjende turane "Donau" gjorde var i november 1942. Då frakta skipet 532 jødar frå Oslo til Tyskland. Desse enda opp i Auschwitz, og berre 8 menn overlevde opphaldet der. Under transporten vart kvinner og menn skilde frå kvarandre og plasserte i separate lasterom. Dei sanitære tilhøva var elendige, og fangar vart ofte mishandla av soldatane. I midten av januar 1945 låg "Donau" til kai i Oslo klar for avgang til Tyskland. Dei to norske motstandsmennene Roy Nilsen frå Milorg og Max Manus frå Kompani Linge greidde like før skipet skulle gå å festa ei tidsinnstilt mine til skroget. Meininga var at mina skulle gå av i ope farvatn, men båten vart forseinka og mina gjekk av allereie ved Drøbak. Der vart skipet rent på grunn. Sju år seinare vart vraket trekt av grunn og taua til Bremerhaven for opphogging.

Arbeidet med å etablere konsentrasjonsleiren Sachsenhausen starta i 1936, medan dei olympiske leikane vart arrangerte i Berlin. Leiren skulle bli eit mønster for nasjonalsosialistane sitt fangeleirsystem, og var opphavelig tenkt brukt mot tyske politiske fangar. Men jødar og folk ein



*Frå inngangspartiet i Sachsenhausen. I dag er konsentrasjonsleiren eit museum og mange skuleklassar frå Noreg og andre land dreg dit med Dei Kvite Bussane for å sjå og læra. 10. klasse ved Hillestveit skule vitja leiren i juni 2010. Foto: Mathias Eidesvik Tveita.*

såg på som "a-sosiale" kom til etter kvart. Deretter kom utanlandske fangar frå dei okkuperte områda. Leiren måtte snart utvidast. Frå hovudporten og innover opna leiren seg i ei slags vifteform. Her fann ein appellplass, fangebrakker, krematorium for masseavretting, galge, torturplass og patologien der ein eksperimenterte med levande fangar. Over inngangspartiet stod orda "Arbeit macht frei" (arbeid gjer fri). Heile området var gjera inn med elektrisk gjerde.

Omlag 200.000 personar var i kortare eller lengre periodar fangar i leiren. Ca. halvparten av desse overlevde fangenskapet. Dei fleste andre vart gassa i hel og brende i krematoriet. Dei arbeidsdyktige fangane hadde lange arbeidsdagar under streng overvaking. Her kunne dei arbeida i steinbrot, med vegprosjekt eller teglsteinproduksjon. Hitler sine mange byggeprosjekt trong byggemateriale. Andre fangar fekk arbeid internt i leiren, i vaskeriet, kjøkkenet eller diverse lager.

Det var kaldt med haglebyger den dagen Peter og dei andre norske fangane kom inn i leiren. Likevel måtte dei stå ute det meste av dagen og venta. Etter kvart vart dei kalla inn og alle personlege eignelutar vart tatt frå dei. Dei vart kledde nakne, barberte og innsmurde med ei illeluktande svart veske som skulle ta knekken på skabb og lus. Kleda dei fekk var stripete bomullsdrakter i blått og grått. Dei fekk klutar til å ha på føtene og klutar til underbukser. Skoa var tresolar med reimar over. Fangane vart tildelte eit nummer og ein fargekode, alt etter om dei var politiske fangar, kriminelle, a-sosiale, Jehovas Vitne, homofile osv. Fangenummeret Peter fekk i Sachsenhausen var 62939.

Tysk grundigheit gjaldt også i leiren Sachsenhausen. Ved framkomsten måtte alle innom forskjellige pultar der informasjon om den enkelte vart samla inn. Ved ein av pultane sat ein norsk fange som var betrudd dette oppdraget. Peter

spurde om det var nokon som kom ut av denne leiren nokosinne. Berre gjennom skorsteinspipa fekk han til svar.

Deretter vart dei plasserte på brakke. Desse hadde toalett og opphaldsrom i midten og soverom med plass til 300 personar i kvar ende. Det var ureint på brakka og sjukdomar som dysenteri florerte.

Dagen etter var det oppstilling på appellplassen for marsjering. Dei gjekk i eit slags åttetal, og enkelte grupper vart kommanderte til å gå til dei stupte. Når dei ikkje greidde å gå lenger, vart dei skotne på staden. I utgangspunktet skulle gruppa til Peter gå dagleg i 3 veker. Men etter ei veke braut det ut difteri i gruppa, og dei vart isolerte. Sjukdomen var svært smittsam, og tyskarane ville nødig at smitten skulle spreia seg i leiren. Dette kunne vera ein fare for dei sjølv. Gruppa vart no liggjande i ro ei stund, og dei såre føtene kunne koma seg noko.

Heile tida vart dei utsette for psykisk terror. Ein drepen og blodig person kunne t.d. bli plassert godt synleg med beskjed om at slik går det om ein prøver på å flykta. Ved oppstilling etter arbeidstid hende det jamt at dei sette opp ein galge og hengde tilfeldige personar i alle sitt påsyn. Når dette skjedde gjentekne gonger, reagerte dei ikkje stort på det. Dei vart kjenslelause og ynskte at henginga skulle bli ferdig slik at dei kom seg i hus og fekk mat. Ofte stilte dei seg spørsmålet om kva følger desse påkjenningane ville ha på livet deira seinare.

Etter kvart kom det endå fleire norske fangar på brakka. Frå tid til annan kunne det henda at det frå norsk, svensk og dansk Røde Kors kom pakkar med mat til nordmennene. Dette var svært kjærkome, for maten elles i leiren var skrøpeleg. Ein gong mottok dei ei heil tønne med spekesild formidla av den norske sjømannsmisjonen i Hamburg. Tønna var stempla "Sjur Lothe, Haugesund".

Ein del av dei tyske vaktene var korrupte og let seg bestikka. Fekk dei t.d. tobakk var dei opne for å gi nordmennene fridom utover det som var vanleg. M.a. fekk dei lov å feira 17. mai med song, diktlesing og korte talar. Dette bidrog til å halda moralen og livsmotet oppe.

Peter hadde arbeid inne i leiren. Her kjørte han mat til dei forskjellige brakkene og henta og kjørte vekk boss. Han måtte også stella dei tyske vaktene sitt fottøy og utføra diverse reingjering. Dei sterke stoffa han brukte i dette arbeidet gjekk hardt utover huda i nevene, noko han har slite med også i ettertid.

Den 9. oktober 1943, under morgonappellen, vart han, saman med tre andre medfangar, beordra til å stilla ved porten. Å få denne ordren var ei alvorleg sak. Alt kunne då skje, m.a. vart dei som skulle hengjast samla ved porten før dei vart avretta. Men Peter trudde helst at for hans del gjaldt det flytting til konsentrasjonsleiren Dachau der mange andre prestar sat som fangar. Etter at dei hadde venta ei stund ved porten, vart dei sende tilbake til brakkene. Då kom det inn ein annan medfange, ein mann frå Oslo, og tok til å snakka med Peter. Han meinte å vita at Peter no kom til å bli sett fri. "Gud er med deg", sa han m.a. Ei stund etter vart dei fire fangane innkalla til ei overordna gestapovakt. Han kom med formaningar og spurde om dei hadde lært noko av opphaldet. Det var jo nettopp for å læra noko at dei hadde vore innesperra i leiren, hevda han. Peter vart overrekt eit brev der han vart beordra til å møte på Gestapo sitt kontor i Hamburg. Han fekk utlevert sakene sine som var beslaglagde då han kom til leiren, og ein del pengar som Doris hadde sendt han. Dei fire fangane vart deretter sleppte ut av leiren og tok banen inn til Berlin. Peter kjøpte billett vidare til Hamburg og melde seg straks for Gestapo der.

Etter nokre dagar kom dei med nye klede til han. Desse skulle han ta på og møta nede i vakta. Han skulle no ut og detonera ueksploderte bomber vart det sagt. Ei stund etter kom det kontrabeskjed. Han skulle ikkje ut på dette oppdraget likevel og kunne ta på seg sine eigne klede att. No var beskjeden at han skulle over i eit anna fengsel. Her vart Peter sitjande i enno nokre dagar. Då kom det beskjed at no skulle han av garde. Han fekk ei væpna vakt med seg, og saman gjekk dei til jernbanestasjonen og inn på eit tog. Peter visste ingenting om kvar dei skulle, men skjøna etter kvart at han var på veg mot Danmark. Turen på toget enda opp i Århus. Etter nokre dagar der tok vakta han ned til hamna og om bord i det tyske trosskipskipet "Monte Rosa". Kursen vart sett mot Noreg.

På vegen nordover vart han kalla opp på brua til ein av offiserane. Han ville snakka med Peter og hadde forskjellige spørsmål han ville stilla, m.a. korleis han hadde hatt det i Tyskland og korleis det var å vera prest i Noreg. Han understreka at tyskarane også trudde på Den Kjære Gud, men Jesus trudde dei ikkje på, for han var jøde.

Då dei kom fram til Oslo, tilrådde den tyske vakta sterkt at Peter gjekk rett til Røde Kors og leverte frå seg dei sakene han hadde hatt med seg på vegen mot Noreg. Sjølv om vakta var tysk soldat og altså å rekna som fiende, meinte han at kom Peter i klørne på Gestapo no, var det ikkje godt å vita kva som kunne skje. Peter følgde rådet til vakta og melde seg for Røde Kors. Her trefte han kjenningen Bjørn Robberstad som kunne fortelja at ryktet gjekk at han var død i Tyskland. Robberstad var no sjølv sagt svært glad for å sjå at Peter var i live.

Deretter bar det vidare til Gestapo, og til samtale med ein tysk offiser kalla Wagner. Han ville vita om Peter eigentleg visste kvifor han no var sett fri, men Peter visste ikkje ein gong at han var fri før dette spørsmålet kom.

- Du kan takka kona di for det, sa den tyske offiseren. - Ho har gjort oss merksam på noko vi ikkje visste om, nemleg at bror din, Olav, har vore med å berga nokre tyske flygarar. Terboven har på det grunnlaget bestemt at du skal bli fri.

Doris hadde altså sendt søknad til Terboven, den øvste tyske leiaren i Noreg, med anmodning om at Peter, mannen hennar, måtte bli sett fri på grunn av denne redningsaksjonen Olav hadde vore med på. (For detaljer om dette les om Olav Hermansen lenger bak i dette heftet).

Hadde det ikkje vore for denne søknaden, ville nok Peter blitt verande i Sachsenhausen, og utfallet av opphaldet ville vore usikkert.

Av den tyske offiseren Wagner fekk Peter eit brev som påla han å melda seg for Gestapo i Bergen, dei som opphaveleg hadde arrestert han. Deretter gjekk han tilbake til Røde Kors for å henta sakene sine. Her vart det også ordna med billett på toget til Bergen. Ståplass var det einaste han

kunne få. På toget fekk han god behandling, med matserving og det heile. Sitjeplass ordna seg også.

I Bergen gjorde Peter slik han hadde fått beskjed om, han møtte opp på Gestapo sitt kontor. Her vart han tatt imot av ein av offiserane ved kontoret. I rommet ved sida av sat Kesting og fylgde med, han som hadde arrestert Peter på Lykling. "Der lügerpastor" (løgnpastoren) var måten Kesting tittelerte Peter på. Offiseren som tok mot Peter var klar til å setja han fri, men Kesting blanda seg inn i samtalen. Å setja "der Lügerpastor" fri kunne ikkje koma på tale, meinte Kesting. Å ha Peter buande på Lykling, midt i hjarta av englandstrafikken, vart ikkje aktuelt. Difor var Kesting sitt forslag at Peter skulle forvisast til ein annan stad. Møtet på Gestapo-kontoret enda med at Peter skulle stilla opp neste dag for nærare ordre.

Doris var komen til Bergen for å møta Peter, og dei fekk overnatta hos bror til Doris. Neste dag møtte Peter opp på Gestapo-kontoret enno ein gong. Denne gongen var ikkje Kesting til stades. Den andre offiseren tok avgjerda aleine. Han sette Peter fri og gav han løyve til å reisa dit han sjølv ville. Men han understreka at vart Peter tatt på ny var det kort prosess.

Det var ikkje vanskeleg å bestemma kor reisa no skulle gå. No ville dei heim til Lykling både Doris og Peter. Dei tok rutebåten sørover og gjekk i land i Melkevik på Finnås. Her stod doktor Sigurd Huus og lensmann Henrik Robberstad på kaia med bil. Desse køyrde dei så til Lykling. Det var hyggeleg og lett stemning i bilen sørover. Peter var no fri, kona var med han, og han skulle igjen få treffa vesle Olav Andreas, mor og far og dei andre i familien.

Som nemnt ovanfor gjekk ryktet om at Peter hadde døydd i Tyskland, og det vart difor halde minnetale i kyrkjene rundt om i distriktet. I Bergen vart minnetalen halden av biskop Fleischer, han som hadde ordinert Peter til prest i 1941. Gleda var sjølv sagt stor då folk fekk vita at han var i live og i god behald heime på Lykling.



*Doris og Peter i hagen på Sakseid.*

Resten av krigen heldt Peter fram som prostiprest i Sunnhordland, men han utførte ikkje den statlege delen av embetet.

I 1945 fekk Peter stilling som hjelpeprest i Finnås. Denne stillinga hadde han til 1952 då han fekk embetet som sokneprest i Tysvær og Bokn. Her vart han verande til 1963. Dei siste 17 åra av den yrkesaktive karrieren var han sokneprest i Birkenes på Sørlandet.

Peter og Doris fekk seks barn, Olav, Dagfrid, Johanna, Kari Lena, Ingebjørg og Peter.

Då Peter gjekk av for aldersgrensa i 1980, flytta han og Doris tilbake til Bømlo, der dei hadde bygd hus på Sakseid. Men prestegjeringa var likevel ikkje heilt over. Ofte måtte han trø til som vikar når det var behov for det.

Doris døydde i 1998, og Peter vart aleine i huset sitt. Då var det godt å ha dottera Johanna og mannen hennar, Johannes, i nabohuset.

Peter hadde alltid vore ein samfunnsengasjert person. Han var med i diverse lag og

organisasjonar, og han var skulestyreformann både i Bømlo, Tysvær og Birkenes.

Rundt huset sitt på Sakseid hadde Peter og Doris ein stor hage. Peter var svært glad i alt som spirte og vaks, og arbeidet med hagen var med på å halda livsmotet oppe i dei åra han var aleine. Han sådde og hausta, og undra seg over syklusen i naturen. Planter døydde, men frøa gav liv til nye planter. Alt såg han på som del av Guds skaparverk.

I 2006 fekk Peter Kongens Fortenestemedalje. Audiensen på Slottet i etterkant sette han stor pris på.

Måndag 28. april 2008 vart Peter brått dårleg. Då svingersonen, Johannes, kom innom for å sjå til han, sat han bevisstlaus i Doris sin gyngestol. Han vart frakta til Stord sjukehus der han døydde dagen etter.

Peter vart gravlagd frå Lykling kyrkje, kyrkja han var så glad i, den 8. mai 2008, på sjølvaste fredsdagen. Veret var strålende den dagen slik det var fredsdagen i 1945, dagen Peter hadde kjempa for og ofra så mykje av seg sjølv for.



*Peter i audiens hos Kong Harald på Slottet ei tid etter at han hadde blitt tildelt Kongens Fortenestemedalje.*



*Peter Hermansen (t.h.) og venen Alfred Sortland saman ein 17. mai.  
Alfred Sortland sat også i tysk fangenskap under krigen.*



# Olav Andreas Hermansen

Av Bernt Emil Vika

Olav Hermansen vart fødd 02.12.1920. Etter barndom og ungdomsår på Lykling drog han til Bryne for å gå på landsgymnaset der. Her var han den 9. april då tyskarane gjekk til åtak på Noreg. Olav var då 19 år gammal. Den usikre situasjonen som oppstod som følgje av det tyske åtaket førte til at administrasjonen ved skulen vedtok å avslutta undervisninga og senda elevane heim. For Olav var det då berre å pakka sakene sine og prøva å koma seg nordover. Han reiste via Ryfylke, til Sandeid, Etne, Skånevik, Utåker og Valen. Der fekk han vera med ein båt som skulle utover til Bømlo. Turen heim frå Bryne tok fleire dagar, men gjekk fint og utan spesielle problem. Han møtte ingen tyske soldatar på vegen, og det var lite som kunne tyda på at landet no var okkupert.

Etter dette vart Olav verande heime på Lykling i omlag halvtanna år. Han deltok i det daglege livet på garden der det var mange arbeidsoppgåver for han. Gymnaset vart aldri fullført, men okkupasjonen av Noreg skulle gi han ei militær utdanning i Storbritannia.

Gjennom heile krigen hadde familien Hermansen ei tenestejente, Gunnhild Hope, hos seg. Ho var frå Hope på Grutle. Ein laurdagskveld hausten 1941 då ho skulle heim, slo nokre andre ungdommar seg saman med henne og gjekk til Grutle. Desse var Olav Hermansen, Stener Løkling og Johan Nøkling (Johan i Tverrgarden). Det var mørkt, og då dei nærma seg Grutle, fekk dei sjå sporlys ute frå sjøen. Framme i Hope, hørde dei også kraftige rop om hjelp frå vest i havet. Far til Gunnhild, Emil Hope, og ein onkel av henne i nabohuset, John Hope, hadde også fanga opp dei kraftfulle ropa. Her måtte noko gjerast, det stod etter alt å døma om livet. Det var berre å koma seg utover så fort det let seg gjera.

Emil og John hadde kvar sin robåt liggjande inst i Grutlefjorden, og desse vart klargjorde. Olav,



*Lensmann Olav Hermansen*

Stener og Johan tok Emil sin båt, og den andre vart nytta av Emil og John. Så bar det utover Grutlefjorden for å sjå kva som var i gjerde. Veret var fint og sjøen blank, så dei heldt god fart utover. Ute på Lyngøy fann dei fire forfrosne og våte tyske soldatar. Dei hadde styrta med eit fly og greidd å koma seg opp på øya. Då robåtane nærma seg, hoppa tyskarane i sjøen og sumde dei i møte. Dei prøvde å koma seg oppi frå sida og heldt då på å kvelva robåtane, tunge som dei var av dei gjennomvåte uniformskleda.

Medan dei rodde innover Grutlefjorden, var det berre ein ting tyskarane ville vita, om det var tilgang til telefon i nærleiken. No høvde det seg slik at Anders og Maren på Tongane, nabohuset til Hope, hadde telefonsentral. Dette huset låg berre nokre meter frå landinga til robåtane så

sånn sett var tyskarane heldige. Dei fekk ringt, men ingen kunne henta dei den kvelden. Mor til Gunnhild, Berta, tok seg av soldatane då dei kom inn til land. Ho gav dei tørre klede så dei fekk varmen i seg att. Dei våte klede vart liggjande på ei kiste i kjellaren.

Olav, Stener og Johan rusla tilbake til Lykling då alt oppstyret hadde roa seg. Soldatane vart verande i Hope til søndag morgon. Då kom det eit fly for å henta dei. For dei fire soldatane var det då berre å ta på seg dei sjøvåte klede og koma seg ut til flyet. Emil rodde dei ut og fekk dei vel om bord. Men flygarane tok ikkje omsyn til Emil i den vesle robåten sin då dei skulle letta. Vinden frå propellane heldt på å kvelva båten hans. Han hadde aldri nokon gong vore ute i eit så stygt ver, kunne han fortelja.

Redningsmennene fekk oppgjer for innsatsen sin. Kvar av dei fekk utbetalt 60 kr for å ha redda dei fire flygarane. Mykje kan seiast om tyskarane si framferd under krigen i Noreg, men i denne saka syntte dei i alle fall at dei hadde ein viss sans for rettferd.

Det Olav no hadde vore med på skulle seinare visa seg å få stor betydning for bror hans, Peter Hermansen. (Meir om dette i artikkelen om han).



*Motorskøyta "Nor" på Sletta. Foto Jensen samling*

Den tyske okkupasjonen av Noreg førte med seg forskjellige pålegg og forordningar for nordmennene. M.a. vart det innført plikt til å bera med seg legitimasjon eller "pass" som det vart kalla. Grenseboerbevis var det offisielle namnet. Det vart også innført pålegg om blanding, og etter kvart som det vart knapt med tilgang på daglegvarer, vart det innført rasjonering.

Som eit ledd i den totale einsrettinga av det norske folket ville tyskarane også sikra seg kontroll over den norske ungdomen. I 1941 innførte dei difor sivil arbeidsteneste etter tysk mønster. Olav, som var fødd i 1920, var eitt år for gammal til å bli innkalla, men rekna med at det etter kvart også ville verta bruk for denne årsklassen. I juni 1941 gjekk Tyskland til åtak på Sovjetunionen og det vart då bruk for eit "hav" av unge soldatar. Den tofrontskrigen som Tyskland no laut føra var svært ressurskrevjande for dei, og ungdom frå dei tysk-okkuperte landa vart tvunga til å delta. Mange ungdomar let vera å møta opp til arbeidsteneste, og for å unngå arrestasjon og tvangsinternering måtte dei enten gå i dekning eller røma landet.

Tanken på å koma seg ut av landet vaks seg stadig sterkare i Olav, og han begynte å sjå seg om etter eit lagleg høve til å koma seg vekk. Bømlø låg svært gunstig til for flukt mot Storbritannia.

Langs bømlalandet mot Nordsjøen var det eit mylder av øyar og sund som gav skjul, og dessutan var her berre eit par tyske vaktpostar til å overvaka området. Tidleg i krigen utvikla det seg ein illegal flyktningtrafikk frå Bømlø mot Shetland og Skottland. I førstninga vart fiskeskøyter brukte i denne trafikken. Men etter kvart som tyskarane vart klar over omfanget av "lekkasjen" vart tapstala på desse skøytene så store at små hurtiggåande marinefartøy måtte setjast inn i staden.

Utetter hausten 1941 vart det klart at også andre i

omgangskrinsen til Olav gjekk med tankar om å koma seg ut av landet. Jacob Holme, f. 1921, hadde ein eldre bror, Andreas, som åtte 1/3 i motorskøyta "Nor" frå Holme. Denne låg no lageleg til for "tjuveri", og den 6. oktober 1941 la dei ut, 10 gutar og to jenter. I tillegg til Olav og Jacob var desse med: Lars Lykling (skipper), Agnes Hestenes, Johan Løkling, Lars Norenes, Halvard Løkling, Harald Skippervik, Amund Westrheim, Martin Vika, Nilsine Vika og Gustav Norenes. Veret under overfarten var fint, lite vind og lavt skydekke, så det var liten sjanse for at dei skulle bli brotne ned av sjø eller oppdaga av fly. Men andre farar låg likevel på lur. For å koma seg fram så raskt som mogeleg vart motoren køyrd hardt, og dette resulterte i sprengd topp-pakning. Dei vart liggjande ei stund og reka medan dei reparerte, men kom seg fort i gong igjen. Før det var lyst om morgonen den 8. oktober nærma dei seg Lerwick. Ein vaktbåt tok dei inn til kai. Alle vart straks arresterte, dei britiske styresmaktene måtte vita om dette dreidde seg om ven eller fiende, og skøyta vart rekvirert av den britiske marinen.

Etter fem døgn på brakke i Lerwick vart dei norske flyktingane beordra til å ta "Nor" til Buckie i Skottland. Herfrå gjekk turen med buss til Aberdeen. Der møtte dei igjen dei to jentene som hadde vore med "Nor" frå Noreg. Dei hadde tidlegare vorte sende dit med rutebåt. Så bar det vidare frå Aberdeen med tog til London der dei vart internerte på Patriotic School, eller Sing Sing som staden populært vart kalla. Dei hadde framleis status som fangar og vart utsette for grundige og inngåande forhøyr.

Etter vel ei veke i London vart dei sende tilbake til Skottland, til den norske treningsleiren Carrenbridge ved Dumfries. Her gjennomførte Olav nokre månaders rekruttskule før han vart teken ut til å gjera teneste i ein sambandstropp. Han vart sendt til Banff nord i Skottland for å få opplæring i radioteneste ved Hæren sin radioskule. Det norske hovudkvarteret låg her. Denne opplæringa tok om lag eit halvt år. Etter dette bar det tilbake til London for meir utdanning, denne gong ved krigsskulen. For å bli tatt opp der måtte han igjennom eit kurs i fallskjermhopping kombinert med mykje fysisk



*Olav i Storbritannia under krigen.*

trening. I alt skulle han gjennomføra sju hopp, fem frå fly og to frå ballong. Dette gjekk greitt, og utdanninga ved krigsskulen kunne ta til.

Då denne var over, hadde Olav fenrik grad. Turen gjekk etter kvart tilbake til Skottland igjen, til den norske sambandstroppen han tidlegare hadde tenestegjort i. Her gjekk tida med daglege gjeremål og rutinearbeid. Kvar tredje månad vart dei innvilga permisjon, og denne vart som regel brukt til London-tur.

Dei som var heime på Lykling var nok klar over at Olav hadde dratt utanlands. Far til Olav gav alle streng beskjed om å ikkje røpa noko til tyskarane. Dersom det skjedde kunne heile familien verta sett i fare.

Etter kvart vart det meir og meir klart at krigen

nærma seg slutten. Invasjonen i Normandie, D-dagen 6. juni 1944, førte til at tyskarane vart jaga austover. Russarane sitt inntog i Finnmark, hausten 1944, tvang tyskarane på flukt bort frå store delar av Nord-Noreg. Felttoget i Russland hadde vore mislukka, og dei av tyskarane som hadde overlevd var no på full retrett vestover.

Så kom tida då Olav skulle forlata Storbritannia. Saman med om lag 40 andre nordmenn vart han i januar 1945 beordra til å vera med på oppdrag til Murmansk. Scapa Flow på Orkenøyane var base for allierte krigsskip under krigen. Her var det ei stort, open hamn der krigsskipa låg skjerna for vind og ver og var relativt trygge for tyske angrep. Herifrå reiste Olav om bord i ein engelsk destroyer som gjekk saman med eit hangarskip og fleire andre krigsskip. M.a. var jagaren "Stord" med. Ved Færøyane tok dei med seg nokre handelsskip og sette så kursen mot Murmansk. Turen nordover gjekk fint, heilt til dei nærma seg innløpet til Murmansk by. Her vart dei overraskande angripne av tyske ubåtar, og to handelsskip og ein korvett vart trefte av torpedoar. Mange omkom under dette angrepet. Ei stund vart dei liggjande og jakta på dei tyske ubåtane, og angrep dei m.a. med synkeminer.

Frå Murmansk gjekk så ferda vidare med ein korvett til Kirkenes. Hit kom dei den 2. februar 1945. Byen var eit bedrøveleg syn. Tyskarane hadde nytta seg av den brende jords taktikk då russarane tvang dei på retrett i Finnmark, og store delar av fylket låg i ruinar. Olav vart verande i Finnmark til krigen var slutt. Han fekk i oppdrag å vera med å driva ein rekruttskule i Pasvikdalen i Sør-Varanger. Her hadde tyskarane mislukkast i å brenna ein internatskule og eit brakkeanlegg dei sjølv hadde brukt.

Så kom 8. mai, og krigen var endeleg over. Ferda gjekk no sørover, men Olav slutta ikkje i det



*Olav slappar av med ei god bok.  
Det er usikkert kvar biletet er tatt.*

militære med det same. Fram til slutten av året 1946 hadde han oppdrag ved Bergenhus festning og diverse andre militære anlegg i området. Men ei vidare militær karriere vart det ikkje noko av. Han tok handelsskolen og hadde ei tid arbeid ved Wichmann motorfabrikk i Rubbestadneset. Så søkte han seg inn i lensmannsetaten, og 1. april 1948 vart han tilsett som lensmannsbetjent ved Etne lensmannskontor. I åra 1950 – 51 tok han politiskulen i Oslo. Han kom tilbake til lensmannskontoret i Etne og vart verande her i nærare 40 år, til 1. februar 1988. Frå 1975 fungerte han som lensmann ved kontoret.

Olav var alltid interessert i samfunnsspørsmål, og tidleg i 1950-åra gjekk han inn i lokalpolitikken i Etne. I fire valperiodar var han med i formannskapet, og var med i ei rekkje råd, nemnder og utval, ofte som leiar. Han var og vald inn i fylkestinget. Olav trekte seg frå politikken i 1983.

Olav var gift med Sandra frå Bergen. Dei fekk tre barn, Terje, Åse Irene og Svein.

Han døydde 09.06.2009.

**Kjelder til alle tekstane om Hermansen-brørne i dette heftet:**  
**Gunnar Hermansen sine samtalar med faren**

Paul Edvard  
Tidskriftet "Aktuell" nr. 21, 1955, intervju  
med Paul Edvard  
Sjøforklaring, Camp Hill Hospital 23.4.1942  
Boken "Tusen norske skip" Gyldendal 1946  
Boken "De seilte for vår frihet" Grøndahl  
Forlag 1987  
Boken "Handelsflåten i krig 1939 - 1945"  
Grøndal Dreyer Forlag 1995  
NRK TV dokumentar "Evig heder"  
Omtale av "Nyholt" torpederingen hentet på  
internett

Brynjar Stautland: "Brevet frå Doris", DVD  
Peter Hermansen, Olav Hermansen  
Johannes Hjelland, Johanna Seim Hjelland  
Gunnhild Vika f. Hope  
Stener Løkling, Erling Hope  
Endre Heggen: "Lensmann Olav Hermansen  
sin innsats i krig og fred". Artikkel i Etne  
Sogelag si årbok for 1990.  
Bømlo Tur- og Sogelag: "Fartøy til fiske og  
frakt"

Private bilete frå Hermansen-familien

## Erling Hope og redningsaksjonen på Grutle.

Ei stund etter at tyskarane hadde dratt frå Hope, fann folket der ei attglyymd underbukse bak kista i kjellaren der dei våte kleda hadde lege. Denne vart omhyggeleg vaska og kokt av Berta, kona i huset, og klargjort til bruk. Underbuksa skal ha vore av svært god kvalitet og vart i lengre tid brukt av Erling, ein av sønene i huset i Hope. Ein gummibåt vart også verande igjen i Hope etter tyskarane. Den var lenge fin badebåt for barna i bygda. Til slutt var det ein mann som fann på at han ville salta fisk i båten. Dette tålte han ikkje og gjekk meir eller mindre i oppløysing. Korleis det gjekk med fisken er ukjent.

Seinare i livet skreiv Erling dikt om episoden med tyskarane og underbuksa. Dette diktet er slik:

### Et minne fra krigen

*Det høyrtest skrik ifrå havet,  
Et rop om hjelp.  
Det var mørkt og seint på kveld,  
To båtar med folk rodde ut for å sjå,  
Og fann fire tyskarar frå eit styrta fly  
På Lyngøya stå.*

*Å berga folk i nød  
Er ein gammal god skikk.  
Her spørst ei om fiend eller venn.  
Så tyskarane fekk både husrom og kler.  
Dei våte bar dei i kjellaren ned.  
Der låg dei til dess dei skulle reisa av sted.*

*Det vart i stova hos oss dei fekk bu.  
Og dei var nok eit underleg syn.  
Med bøtte bukser på bak og på kne,  
Sunt var for lite og noko for stort.  
Men godt gjort det var å skaffa kler til fire  
Midt under krigen så fort.*

*Med oss ungane var dei svært så gavmilde og  
snille.  
Me fekk knivar, sjokolade og alle deira øydelagde  
klokker.  
Gummibåten deira skulle me også få.  
I den me leika, og tok sikkert mang ein gong for  
stor ein risk.  
Men den leiken tok brått slutt,  
Då onkel vår salta den full med fisk.*

*Det kom eit kjempesvært dobbeldekka fly når  
hentast dei skulle.  
Og då tok dei på seg dei sjøvåte kler.  
Dei som dei hadde lånt vart omhyggeleg talde.  
Men vel om bord i flyet var ikkje takka så sver.  
Det vart full gass,  
Slik at far som førte dei ut,  
Aldri hadde vore ute i slikt ufyselig ver.*

*Ein månad eller to sidan dette hende,  
Me underbuksa til ein av dei fann.  
Mor koka og vaska den omhyggeleg rein.  
Eg fekk den og hadde den under heile krigen.  
Om eg hadde den på når eg var konfirmant kan  
eg ikkje huska.  
Men ein ting er sikkert,  
eg vaks opp under krigen i tysk underbuksa.*

# Arne Lodden

Av June Lodden

Arne Rangvald Lodden vart fødd i 1887 på Hojen, br. nr. 2, der han òg vaks opp. Han var son av Ole Johannes Jørgensen, f. 1842 i Luten, og Asseline Baardsdotter Ulveraker, f. 1846 i Valestrand. Arne var yngst i ein syskenflokk på 7; Berner Johan Sem, Lovise, Marthin, Kristine Sofie (Stina), Hanna Margrethe, Hans og Arne. Far hans, Ole Johannes, dreiv med fiske og fraktfart, men døydde alt i 1892, berre 50 år gammal. Då måtte mor til Arne, Asseline, og syskena hans som enno budde heime, vera flittige med å dyrke jorda for å kunna forsørgja familien. Dei hadde kyr og sauer. Etter kvart gifta syster hans, Stina, seg med Endre Mikkelsen som òg flytta inn. Dei var barnlause. Arne gjekk på skulen på Fridtun. Skulevegen hans gjekk gjennom Hovlandshagen, og då han kom ned til Kåså, måtte han hoppa på steinar i sjøen for å kryssa pøylo innerst i Langevåg.

Arne var vågal. Heime i eine stova stakk det opp ein knaus frå stovegolvet. Utan at mor deira visste det, blir det fortalt at Arne og bror hans, Hans, minte hol i knausen. Ein dag spurde dei mora om ho ikkje skulle gå ned til ei veninne og strikka. Det gjorde ho, og mens ho var borte, skaut brørne knausen vekk.

Då Arne var 15 år og konfirmert, reiste han ut på makrelldorging på Doggerbank i Nordsjøen. Etter første turen, der mannskapet traff på storm, bestemte Arne seg for at han aldri meir skulle på båt, og at han ville bli skomakar. Slik blei det ikkje. Etter fire år med makrelldorging fekk han saman med to av brørne sine, Marthin og Hans, bygd ei tomastra fiskeskøyte. Denne vart kalla "Tre brødre", og vart i mange år ført av Rasmus Vold, som og var parteigar. To år deretter kjøpte brørne ei ny listaskøyte, "Sjøblomsten", som Marthin hadde på makrelldorginga. Seinare førte Hans skøyta. I 1913 kjøpte dei ein engelsk seglkutter, "Boy Victor", denne vart mykje brukt av Arne til både makrelldorging og sildefiske. Etter 1920-åra var alle desse selde. Seinare hadde



*Brudebilet av Arne og Ingeborg Gurine.  
Foto frå Sten Lodden*

Arne tre andre skøyter. Ei av dei, "Hero I", totalforliste i Nordsjøen.

Etter 15 år på rad med dorging, i året 1917, bygde han hus like i sjøkanten på br. nr. 4, på Kalvatre i Luten. Han bygde hus med sjøbu under og ei brygge. På bakken oppfor huset hadde han potetåker og ei løe der han hadde ei ku. Han hadde og eit naust på Tångjen innerst i Bømmelhamn. I det nybygde huset budde han saman med familien sin. Han var gift med Ingeborg Gurine Nilsdtr frå Hovland, som han hadde fire born saman med; Nils, f. 1913, Ada, f. 1915, Berner, f. 1918 og Arnfinn, f. 1921. På



Arne Lodden og broren Hans.

Foto frå Sten Lodden

same tid som han bygde huset gjekk han over frå å arbeida med makrelldorging til anna fiske og jordbruk. Om sommaren kasta han etter makrell og arbeidde med jorda, medan han om hausten fiska krabbe og hummar. Han var og veldig flink med hendene. Han var svært arbeidsam, og i sjøbua kunne ein finna han sitja og bota garn for både seg sjølv og for andre. Han stod opp svært tidleg om morgonen og arbeidde flittig heile dagane.

Ingeborg Gurine døydde i 1935, 49 år gammal. I 1942 døydde også Asseline, mor til Arne. Då arva Arne og systera, Stina, kvar sin part av br. nr. 2, der dei vaks opp på Hojen. På parten Arne arva hadde han sauer. Arne gifta seg att med Anna Sundgodt. Då ho døydde i 1965, selde Arne både br. 4, der han budde, og br. nr. 2 til sonen Berner Arne døydde i 1973, 86 år gammal.

# Makrelldorging på Doggerbank

Intervju med Arne Lodden i  
Bergens Arbeiderblad  
23/12-1969

Det var i 1887 Espevær-mannen Kristian Larsen fikk den innskytelsen å dra til Doggerbank for å dorge makrell. Det ble så vellykket at han fikk følge av mange båter året etterpå. En hel liten flåte ble det i årene som fulgte, men de fleste fant snart ut at båtene deres var for små til dette fisket. Så dro de til England for å kjøpe nye fartøyer. Eller rettere sagt: Gamle fartøyer. I Yarmouth og Lowestoft lå det akkurat da en hel flåte av gamle slupper billig til salgs.

Skippere fra Espevær og Bømlo kjøpte seg slupper i England, skaffet seg mannskaper inne fra fjordene og satset på makrelldorgingen som viste seg å gi temmelig sikkert utbytte år etter år. Mange Espevær-gutter gikk til sjøs med far eller brødre straks etter konfirmasjonen – og noen år etterpå var de skippere og drev på eget ansvar. Makrelldorgingen ble drevet til 1916. Det er ikke lenger siden enn at vi ennå kan møte levende veteraner fra dette avsnittet av norsk fiskehistorie.

En av dem er Arne Lodden, eller Arne i Luten som det heter i Bømmelhavn. Han er født i 1887, samme året som Kristian Larsen grunnla dette særlige fisket. Og han begynte på makrelldorging da han var 15-16 år gammel. Nå bor 82-åringen i et koselig lite skipperhus i Bømmelhavn med båt og brygge og sjøhus. Lett på foten og rask med årene steller han med båt og redskap og ymse slag travle gjøremål. Men ikke travlere enn at han tar seg tid til en liten prat om gamle dager når det kommer en nysgjerrig gjest og spør seg for om skutebildene på veggen, den gamle messingkikkerten eller det velbrukte nordsjøkartet.

- Det var min bror, Martin, som lærte meg å navigere, forteller han. Av hjelpemiddel hadde vi kartet her, en sekstant og et lodd. Loddet hadde på undersiden en uthuling med talg i, og på den måten fikk vi opp bunnprøver som viste hva slags bunn det var, rød sand eller hvit sand eller grus eller småstein. Dette sto avmerket på kartet også, og på den måten kunne vi orientere oss på bankene. Noen værvarsling fantes ikke, men vi hadde et gammelt barometer.

- Jeg reiste ut med en slupp som het "Glimt" første gangen på makrelldorging. Bror min førte skuten. Jeg var bare femtenåring og gikk på halv lut. Det samme gjorde en annen gutt på min alder.

- Så traff vi på storm. Vi to guttungen ble kommandert opp for å reve seilene. Hjelpeløse av sjøverk og redsel klarte vi så vidt å få på oss underbukser og støvler. Så var det slutt. Vi kom oss aldri på dekk den natten. Etterpå slo vi fast at vi aldri skulle til sjøs mer. Jeg for min del bestemte meg for å begynne i skomakerlære og den andre gutten ville bli blekkmaker.

- Men så ble det nå sjøen likevel. Vi var forresten ute i 11 uker på den første turen og kom hjem


med femti tønner makrell. Det var et hardt fiske, makrelldorgingen. Vi begynte i tre-halvfire tiden om morgenen og fisket så lenge det var lyst. Vi kunne dra opp 12-13 tonn på en dag så det ble mye arbeid ut over kvelden når fisken skulle sløyas og flekkes og saltet.

- Pent og nøyaktig måtte det gjøres også. Fisken skulle være hel og beint flekket. Ellers ble det vrak. Joackim Hansen i Bergen var en av kundene, men det var også firmaer fra Haugesund og fra Egersund. De hadde oppkjøpere liggende her alle sammen. Når vi kom inn, ble fisken tatt ut av tønnene og sortert før den ble lagt i ny lake. Sorteringen gikk etter vekt. Best betalt ble de største, nr. 1, men det var alltid nummer 3 og 4 det var mest av. Fisken ble fint saltet og storparten gikk til Amerika i tønner.

- Første skøyten min het "Sjøblomst". Jeg seilte med den på lott et år. Andre året var jeg skipper sjøl. Da var jeg 20 år, det var altså i 1907. Siden ble det andre seglskuter. Bror min og jeg kjøpte en engelsk båt en gang. Den var brukt på dorg noen år før vi overtok den for 1.500 kroner. Den skuten tjente vi inn igjen første året. Andre året fikk vi 102 tonn makrell på den. Siden solgte vi den nord til Sulen. En annen båt "Boy Victor" kjøpte vi òg fra England. Rene skarpseileren. Det var stas å kappseile den gangen. Det er ikke noe moro lenger nå etter at motorene er kommet. Jeg husker at "Boy Victor" og en skute fra Langevåg var så jamnseilte at vi kunne ha bundet en ulltråd mellom skutene uten at den hadde slitnet.

- Dette med hastigheten hadde sin betydning først og fremst når vi skulle ut til feltet eller til lands med lasten. Under selve dorgingen var farten liten for at dorgen skulle gå fint i sjøen.

- Seilføringen var storseil, mesan, gaffel-toppseil, fokk og klyver. Farten regulerte vi med



*"Sjøblomst". Foto av maleri.  
Foto frå Anker Gravdal*



fokken. Under fisket surret vi skjøtene, og båten seilte seg sjøl. Vi seks som var om bord måtte stå ved hver vår stang og passe på dorgene. Vi hadde tre lange granspirer ut på hver side av skuten. I hver spire hang det tre dorger med to angler på hver dorg. Til søkke hadde vi blystein, 14 merker var de tyngste, så åtte merker og så seks merker. Den tyngste steinen hang i en tre favner lang dorg. Den lengste dorgen var på 9 favner.

- Vi hadde "inhalere" på hver dorg. Så hver mann sto med tre inhalere og kjente etter napp og halte inn. Vi bare rystet fisken av og lot den ligge på dekk til dagens fiske var slutt. Da begynte sløyningen. Det kunne bli lite søvn på den måten. Travle uker. Men det hendte jo vi gav oss tid til å praie andre skuter på feltet.

- Vi hadde verken radio eller ropert, men det gikk likevel. Om søndagen kunne det enda hende at vi satte ut en lettbåt og rodde over til hverandre for å få en prat. Men da måtte det være fint vær.

- Da første verdenskrigen brøt ut, lå vi ute på dorging. Det var kommet svenske dorgere på feltet også den gangen. Og svenskene var blitt varslet om krigsutbruddet. Det kom et svensk marinefartøy og skulle eskortere dem hjem. På oss kom det hele totalt overraskende. Vi fikk ikke annen beskjed enn den vi fikk gjennom svenskene. Og den gikk ut på at det skulle holdes stort sjøslag nettopp der vi oppholdt oss på Doggerbank.

- Jeg husker det var lørdag og at det ble kuling og regn. Ingen av oss norske ville være først til å dra hjem. Men ingen ville være den siste heller. Søndag morgen var vi bare seks båter, de andre hadde forsvunnet i været om natten, men det viste seg senere at de var i god behold.

- Søndag ettermiddag dukket det opp en tysk ubåt. Den skjøt et skudd for å få oss til å heise flagg. De ville se hva nasjonalitet vi var. Vi heiste jo flagget og tyskeren spurte om vi hadde sett engelske trålere. Det svarte vi nei til, og så fikk vi reise hjem.

- Nå lå vi hjemme i 14 dager. Men vi hadde jo proviant for lang tid om bord og ville gjerne ut



*Arne med en messingkikkert han kjøpte for 35 kr i begynnelsen av 1900-talet.  
Foto frå Bergens Arbeiderblad*

igjen. Det kom beskjed om at assuransen var oppsagt på grunn av situasjonen. Men så gikk vi ut igjen likevel. Vi ble værende på fiske i flere uker og trakk 108 tonn makrell på den turen. Det var siste året jeg var på makrelldorging. Da hadde jeg drevet på i femten år på rad.

- Etter den gangen kom det aldri mer fart på dorgingen. Bare en og annen dorg var ute på feltet etter det året. Sluppene ble tatt i bruk til sildediving i stedet. De aller siste som drev makrelldorging hadde motor om bord.

- Jeg var forresten også med på sildefiske i mange år. Vi lå ute med drivgarn og så etter fugl og kval. Det var mye av begge deler og mye sild. Men nå har de ødelagt silden. Den er rett og slett oppfisket. Rovfiske er det blitt drevet! Nå fins det snart ikke makrell igjen heller. Jeg for min del fikk 11-12 makreller på garn i hele sommer. Det er ingen som driver slikt rovfiske som nordmennene. Og det er for sent å snyte seg når nesen er borte, sier Arne i Luten.



*Arne var alltid glad når nokon i slekta stakk innom og fortalde nytt.*

*Her saman med barnebarnet Sten og oldebarnet Nils Kasper. Foto frå Sten Lodden*

## Eit makrellkast ved Laksaklubben sommaren 1963

I 1963, då Arne Lodden var 76 år gammal, var han bas under eit makrellkast ved Laksaklubben nær Bømmelhamn.

Desse unike bileta er tekne av Karl Johan Mølstre, gift med Gullborg, Arne sitt barnebarn. Som vi ser på bileta var mange med og hjelpte til med å få opp fangsten.

Gavlabåten (Lyngholmsbåt) som vart brukt eksisterer enno. Den er restaurert og er no i Kystlaget Kormt si eige.

*På biletet ser vi frå venstre Audun Lønning, Atle Lønning, Berner Lodden, Gullborg Mølstre, Godtfred Lodden, Else Lodden, Willy Lodden og i båten Arne Lodden.*



*Kastet er sikra, og  
det "kokar" av sprell  
levande makrell.  
F.v. Berner Lodden,  
Arne Lodden (i båten)  
og Godtfred Lodden.*



*Makrellen blir henta  
opp frå nota og oppi  
gavlabåten av Arne  
Lodden.*



*Dette har han gjort før, og dette kan han, Arne Lodden.*

*Nota er tom og båten godt lasta med makrell. No gjenstår arbeidet med å reingjera nota og stella med fangsten.*

*I båten Arne Lodden.  
På land f.v.  
Godtfred Lodden,  
Bernar Lodden og  
Arne N. Lodden.*



# Konfirmantene fra Espevær som ble nektet konfirmasjon Et merkelig 50-jubileum

**Dette lesarinnlegget stod i avisa ein gong tidleg på hausten 1957. Redaksjonen i Leidarsteidn vart gjort merksam på denne hendinga av Rolf Nesse, Espevær.  
Det er usikkert kven som har skrive innlegget.**

Den 6. oktober i år var det 50 år siden den så enestående konfirmasjonshøytid ble avholdt i Bømlo Kirke. Når her nevnes "den så enestående konfirmasjon", så kan en med god grunn bruke dette uttrykket, da det neppe før eller senere har vært en slik høytidsstund.

Grunnen for denne enestående tildragelse var været, en liten storm fra sørvest med dertil høy sjøgang.

I året 1907 var det fra Espevær 6 konfirmanter, 3 piker og 3 gutter. Alle var i optimistisk humør foran den forestående konfirmasjon, over å få fri fra skolens åk og for fra nå av å bli reknet med i de voksnes rekker.

Konfirmantene var etter oppstillingen på bildet i første rekke: Helene Larsen, senere gift med Gabriel Amundsen. Helga Øritzland, senere gift med assuransedirektør Sigve Øritzland. Thora Tønnesen, senere gift med båtfører Georg Gjelvik, nå død.

I bakerste rekke fra venstre: Karl Garvik, båtreder. Knut Kristiansen, tollfunksjonær (krysskontrollør). Gabriel Amundsen, båtfører og reder, nå død.

Lørdagen før konfirmasjonen skulle

konfirmantene møte opp på Bømlo til forberedende konfirmasjon. Været var som nevnt stormende, og i den tiden var det ikke motorfartøyer til skyssbåt, man brukte seil- og robåter, eller om nødvendig, større seilfartøyer. Selv om distansen ikke er så stor, ca. 3000 meter, så kan dette havstykket være brysomt og en kan trenge fagkunnskap for å komme riktig over.

Konfirmantenes foreldre fant at denne reisen var helt unødvendig i dette været, det måtte være reiser og forberedelser nok etter 25 gangers reis, fra april til oktober, og dessuten hadde de ikke tid eller anledning nå til å rigge til et større fartøy for å føre preste-barna inn til Bømlo. I god tro og i påvente av at medaljen ikke skulle ha noen slem bakside, slo konfirmantene seg til tåls med denne ordning. De gikk hver til sine respektive hjem, for å pugge leksene videre.

Søndag den 6. oktober opprant med like så grusomt vær, med en liten storm av sørvest, høy sjøgang og veldige regnskyll. En seilskøyte, "Deotata", på ca. 200 tønners størrelse, var gjort i stand for turen Espevær – Bømlo, og med torevet seil slo skøyten seg over til Eidesvågen. Konfirmantene og de av foreldrene som var med var kledd i arbeidsklær og sjøhyre og seilassen gikk fint over strekningen. I Bømlo var det dengang ingen kai i Eidesvåg, skøyten måtte



*Konfirmantane i Espevær 1907.  
Framme f.v. Helene Larsen, Helga Øritzland, Thora Tønne.  
Bak f.v. Karl Garvik, Knut Kristiansen, Gabriel Amundsen.  
Foto frå Anne Lise og Erling Garvik v/Rolf Nesse*



*Seilskøyta "Deodata", bygd på Espevær i 1902 av og for Torstein Eiken.  
Foto frå Rolf Nesse*

bakke, som det het, på vågen, og passasjerene som skulle til kirken måtte settes i land med båt. Skøyten ble så liggende for bakket seil på vågen til kirkefolket kom tilbake. Fra Eidesvågen til kirken var heller ingen kjøreveg, slik som nå, en måtte gå over haug og mark mer enn tre fjerdeparter av veien. Dette satte også sitt preg på de vordende konfirmantene.

Ved ankomst til nærmeste hus til kirken, måtte det skiftes klær og fottøy, og så til kirken, hvor kameratene og almuen skulle treffes. Da vi i god tid kom til kirken var alle konfirmantene fra Bømlo samlet. De hadde inntatt sine anviste plasser, i alfabetisk orden, og almuen var stor, som alltid under konfirmasjonshøytider. Presten var kommet og ventet på det beleilige øyeblikk til å gripe inn, og på at ro og orden skulle inntas. De 6 fra Espevær var kanskje noe frysne og litt nervøse for turen og dagen, men stort sett bra etter forholdene, og stillheten i det ærverdige gudshus la seg over alle på benker og galleri.

Presten kom så fram i kordøren i egen høye person. Det var en røslig kar, med svært, bredt skjegg og en røst som få. Han var tidligere utsending til Madagaskar, - med arbeidsfelt blant underutviklede, - Han uttalte følgende:

”De 6 konfirmanter fra Espevær kan ikke bli konfirmert i dag, på grunn av at de ikke møtte opp i går til forberedende konfirmasjon i Hillestvedt skolehus. – Dere må sette dere i øverste benkene til gudstenesten er over”.

Som allerede nevnt var almuen stor, og det var ikke greitt å få plass på anvist sted, men det gikk på en måte, med stor forskyvning og uro. Før denne uroen hadde lagt seg, leste klokkeren inngangsbønnen, og presten knelte på krakken i alterringen. Før klokkeren var helt ferdig, hørtes fra kirkesalen en høy, kraftig hvisking, så høyt at guttene på forreste benk snudde seg for å se hva det gjalt. Noen av konfirmantenes pårørende sto bak i salen og sa med høy røst: ”kom an – Vi er ferdige her!” Almuen begynte også så smått å diskutere dette brudd på kirkefreden, og denne så enestående handling, og det dannet seg øyeblikkelig partistrid.

Kommet ut av kirken, var det samme omkledding på nytt. Vegen tilbake over land og sjø var tung og trøstesløs for de 6 konfirmantene, som på en så uskyldig måte var satt utenfor, snytt for denne da så nødvendige handling for å bli et fullverdig voksent individ. Men de ble på heimvegen trøstet med at de nok skulle bli konfirmert, men når og hvor kunne ennå ikke sies.

I kommunen, og da mest i Espevær, ble det en stor rørelse mot presten, og han ble hele den tid han sto for kallet, uglesett.

Prestefruen, som var en mer moderat og vennlig natur, tok seg svært nær av hendelsen og bearbeidet presten for å få ham til å be den fornærmede part, og da spesielt de 6 unge, om unnskyldning og om å holde konfirmasjon i Bømlo for de 6 utstøtte. – Dette fikk, i følge beretningen, ikke presten anledning til, men tilbød seg å konfirmere de 6 søndagen etter i Bremnes kirke. På dette tilbud ble fra nært hold sagt nei-takk. Noen sjøreis dertil under slike forhold var ikke ønskelig.

Imidlertid hadde konfirmantenes pårørende satt seg i forbindelse med presten Sverdrup i Skåre kirke, og allerede søndag 13. oktober 1907 ble det holdt ekstra konfirmasjon for de 6 konfirmantene fra Espevær i Skåre kirke.

Det var stor tilstrømning til det ærverdige gudshus den dagen. – Ryktet var gått over byen om de 6 nordboere fra Espevær. Det kunne være verd å se de 6 utstøtte fra øya i havet.

Dette hendte for 50 år siden. – På den tiden da presten var ”far” for all tanke og gjerning, men tok i mist for ramsalte sjøens gubbe fra øya i Nordsjøen med sine mangesidige luner.

Til minne om dagen og det halve århundre som er gått, gikk de fem til den sjettes hvilested, for i ærbødighet å legge ned en krans, med takk for alt de hadde sammen.

Espevær, den 10. oktober 1957.

**Meldar**

# Dei første båtane mine

Av Artur Vestvik

## ”Hammarhaug” (Skorpetveitskøyta)

”Hammarhaug” var den første båten eg reiste med. Peremann og eg hadde fått hyre, og skulle vera med på brislingfiske. Våren 1953 reiste me frå Bømlø med rutebåten ”Tysnes”, HSD. Denne var innom Lervik og gjekk vidare til Sunde. På Sunde blei me henta med gavlabåten ”Lysholm” og frakta til Flakkavågen på Tysnes, kor notbruket høyrde heima.

Den første fisketuren gjekk til Kvitsøy, der me gjorde eit stort kast. Men det viste seg at brislingen var for liten. Resultatet var at den kledde nota slik at ho såg ut som et ullteppe. Det stod ein brisling i nesten kvar maske, og me fekk ein sværa jobb med reingjeringa. Eg tenkte, er det slik brislingfisket er, så er det ikkje mykje å satsa på.

Etter at me var ferdige med dette kastet, returnerte me til Hardangerfjorden. Der blei me verande resten av sommaren. Fekk mange gode kast, og var innom dei fleste fjordarmane. Me var også prøvafiskar for brislinglaget, og når fisket starta igjen etter ei stenging, så visste basen kor brislingen var. Dermed hadde me gode muligheter for å få eit brukbart kast. Me var eit mannskap på åtte, og så var det ein i tillegg som gjekk med føljaren. To mann hadde alltid ein jobb å gjera, det var lettboatroaren (Peremann) og kokken, som var meg.

Lettboatroaren måtte alltid først opp om morgonen saman med basen for å leita etter fisk. Kokken var også tidleg oppe for å gjera klar til frukosten. Ein morgon såg basen at røyk velta ut frå byssa. Dei stormrodde tilbake til skøyta, og oppdaga at det var stim frå kaffekjelen, kokken sat og sov. Basen var sint og galen, men letta over at ingen skade hadde skjedd.

Å væra kokk var ikkje den store utfordringa. Eine dagen tørrfisk og den andre elektriske kjøttkaker (kaker i boks). Havregrynsuppa hadde me kvar einaste dag. Ordentlege kjøttkaker hadde me éin gong denne sommaren. Skipperen hadde selt eit føl på Lervik og fått god betaling. Dermed spanderte han middag på heile mannskapet. Elles så blei me inviterte heim til basen på søndagsmiddag ein del gonger, når me var heima i Flakkavågen.

I heimehamna var det alltid kjekt. Her var det mange jenter og me hadde god kjangs. Ein kveld me var ute og tjuvtrekte åleteiner, saman med



”Hammarhaug”





*Opptak av brisling*



*Levering av brisling*

nokre jenter, var også andre frå skøyta ute i same ærend. Då eg kom om bord om kvelden og skulle gå til køys, oppdaga eg noko sleipt under dyna. Forstod straks kva det var. Tok varsamt tak i ålen og slengde den rett i nakken på ein som sat ved bordet og venta på å høyre gaulet frå meg. Den stakkars ålen blei slengd skott i mellom, og enda sine dagar i lugaren.

I løpet av sommaren var me heime to gonger. Den eine gongen var det to mann som førte oss heim med gavlabåten "Lysholm". Sommaren og hausten gjekk veldig fort, eg treivst godt på fiske. Det siste kastet me hadde var i Flakkavågen. Notlaget til Jon Røssland lyste, og så kasta me rundt han. Eit bra kast med all slags fisk. Etter at me var ferdige med dette kastet, var det slutt på sesongen. Me reiste heim med føringsbåten



"Kallekott". Denne sette oss i land i Langevåg og to trøtte, men "rike" og glade brislingfiskarar var igjen på heimlege trakter.

## "Kampen" Skøyta til Karl Vika

Eg var med på brislingfiske på denne skøyta berre nokre få veker på vårparten i 1954. Om bord i denne båten var det innreia køyer i lasterommet. Kvar mann hadde sin eigen brødmatt, så det var stor ståhei under måltida. Vi gjorde eit brukbart kast i Førdesfjorden. Var også innom Ålfjorden ein tur, men det blei ikke noko meir brisling.

Ei helg me låg i Ålfjorden tok me drosje til Haugesund. Byen var 100 år og det var festivitats over alt, med stort tivoli på Flotmyr. Her var me heile kvelden og hadde det veldig kjekt.

Etter at eg mønstra av denne båten, blei eg via Sigurd Toft forespurt om eg ville mønstra som stuert på "Sollund I". Sigurd var skulekamerat og seilte som dekksgut på denne båten. Han hadde anbefalt meg som ein "dugande" kokk. Eg tok jobben.




*På leit etter brisling*

## ”Sollund”

Som tidligare nevnt mønstra eg som ”stuert” på denne båten, den 30.7.54. Dette var noko anna enn å koka på brislingfiske. Her var dei vant med skikkeleg mat. Ein dag bad dei om å få blomkålsuppe. Det var ikkje greit når eg ikkje hadde peiling på kva eit blomkål var for noko. Men eg gjekk i land og kjøpte blomkål. Samtidig fekk eg greie på korleis ein laga suppe. Mannskapet let vel, så det kan ikkje ha vore så hakkande gale. Men det tok ikkje så lang tid før dei fekk tak i ein skikkeleg stuert.

Eg likte meg betre når eg fekk mønstra om til dekksgutt. Dette var ein jobb som eg treivst godt med. Båten gjekk i skandinavisk fart. Den første hamna vi var innom var Visnes for å lasta kis. Eg gjekk ein tur i land, hadde følelsen av å vera komen til det store utland. Frå Visnes gikk turen til Sverige der me gjekk opp Gøtakanalen til Karlstad og Kristinehamn. Her blei kisen lossa. Neste last var gjødning frå Herøy. Denne lossa me på forskjellige stader langs vestlandskysten. Dei fleste stadane var det mannskapet som var i rommet og lossa, dette var godt betalt og kom i tillegg til hyra. Me hadde ein del turar utanom desse, deriblant ein tur til Odda der eg kjøpte mi første klokke. Me var også ein tur i Danmark og lasta røyr som skulle brukast som underlag på flyplassen i Bergen. Ei last med noko som såg ut som raudmold blei levert til Bergen Gassverk.

Var også på verkstad ved Haugesund Slip. Her blei eg sett til å pikka rust i rommet, var ”uheldig” og pikka hol rett gjennom botnen. Det skulle eg ikkje ha gjort for eg fekk rett og slett kjeft. Siste turen med denne båten var til Tamshamn i Trondheimsfjorden. Rett før jul passerte me Bømlo på veg nordover. Kan huska at eg stod på dekk og lengta heim, med tårer i augo. På reisa nordover fekk me trøbbel med dieselpumpene og blei forseinka ganske mykje



Motorskip Bygd i 1915 av Y de Jong, Groningen. Stålskip  
«Sollund I» LHJL Tonnasje: 244 brt, 320 tdw

slik at me ikkje kom heim til jul. Vart verande på verkstad i Ålesund så lenge at jula blei feira i Thamshamn, Orkanger.

Styrmannen pakka kofferten og gikk i land før me gikk vidare nordover. Han sa: "Eg har køna og bod'n heima, så eg vil vera heime med jul". Resultatet av dette var at maskinsjefen måtte hjelpa til med navigeringa, fordi skipperen var aleina. Skipperen sitt navn var Reinertsen frå Auklandshamn. Maskinsjefen var frå Moster og heitte Seglem. Mannskapet ellers var, Aga stuert, Leif Andal maskinassistent, to dekksgutar Sigurd Toft og Artur Vestvik.

Første gong eg skulle styre etter kompass hadde eg store problem. Styrmannen sa at det var båten som svinga og ikkje kompassen, den stod i ro og peika alltid på nord. Eg tenkte, han kan ikke vera heilt bra, for eg ser jo at kompassen svingar frå side til side. Men det tok ikke så lang tid før eg fann ut av mysteriet.

Styrmannen var forresten ein løyen kar. På danskekysten seilte han rett på ein bøye så det berre smalt, han sa at han trudde det var ei fyrlykt oppe på land. En annan gong, nord for Hjeltefjorden, ba han meg henta skipperen for no visste han ikke kor me var lenger. Båten var forresten ein holk å styra. Etter ein time til rors var du som regel heilt utsliten i armane.

Sjøsjuk var eg også. Berre dei nemnde at me skulle passera rundt Jæren eller Stad så blei eg dårleg, men denne sjøsjuka fekk ein brå slutt.

Populære ting på utførsel var firkløversjokolade. Den blei alltid vel mottatt heime. Tobakk og sigarettar var også veldig bra. Dette var før tobakken var blitt farlig og kunne nytast i fulle drag.

Eg mønstra av denne båten mellom jul og nyttår. No skulle eg på fiske og hadde fått meg plass på ei fiskeskøyte, "Dyrnes". Det var forresten stor stas då eg dukka opp heime. Lillemor, søster mi, traff eg på bedehuset, ho var på fest, og gjensynsgleda var stor.



*Mosterhamn, "Sollund" si heimehavn*

## "Dyrnes" (Stokknesskøyta)

Eg blei henta i Kalavågsvåen utpå nyåret i 1955. Følte no at eg var blitt ein vaksen mann. Skulle vera kokk på denne skøyta, som var ein drivar (sildefiskar med garn). Same kvelden eg kom om bord, gjekk me nordover, med destinasjon Måløy. Men først var me innom Espevær og tok om bord resten av utstyret. Då me gjekk over sundet, følte eg meg uvel. Tenkte at dette kom til å bli ein hard vinter med mykje sjøsjuke. På turen nordover sette ein av mannskapet i gong med å steike egg og flesk. Lugaren var full av steikeos, og båten stampa ganske mykje for det bles friskt. Han spurde meg om korleis det gikk med sjøsjuka. Eg svara som sant var at eg ikke kjende noko enno, men den kjem vel snart. "Ja vel," svarte han, "er du ikkje sjøsjuk no, så blir du det ikkje heller." Han fekk rett, sjøsjuka var borte vekk for alltid.

Det var alltid ei stor oppleving å koma til Bergen. Då gikk me på "Komedia Teater", der det blei spelt folkelege stykke. Muntre kommentarar frå salen var noko som hørde med. I Bergen var det stappfullt med fiskefartøy. Så dette var svære greier for ein unggut.

Vidare gjekk turen nordover til Måløy som var samlingsplassen for sildedrivarane. Der blei me liggjande lenge og venta på at silda skulle koma. Første turen frå Måløy gjekk me ut Sildegapet,



*“Dyrnes”  
(Stokknesskøyta)*



*Heimehavna til Stokknesskøyta.*



*Botnagarnfiske*

det var ganske høg sjø og båten slingra kraftig. I løpet av kvelden sette me ut lenken (garna) og fekk brukbart med sild første målet. Vinteren gjekk, og me fiska oss sørover heilt til heimlege trakter. Brukbart med sild fekk me også.

Då drivinga var slutt, la me om (bytte til botnagadn). Dette var eit rovfiske kor ein sette garna så nær andre at ein ofte fekk problem med å få dei opp igjen. Då var det skjering av blåser og tauverk for å få settinga opp igjen. Fisket føregjekk berre i dagslys og var forbudt i helgane, så dette var litt rolegare dagar. Når ein låg

i havn om helgane, var det som regel stappfullt med båtar. Då besøkte ein andre båtar, tok ei øl, og skrovdde så godt ein kunne.

Låg me i Espevær om helgane, reiste eg som regel heim, og var tilbake tidleg mandags morgon. Ei helg eg var heime, rodde eg med Anfinn i Neset ut til Espevær på søndag kveld og gjekk til køys om bord. Mandag morgon gjekk skøyta inn til Kalavågsvåjen for å henta meg. Ingen kom på å sjå etter om eg var om bord, før dei var inne i vågen. Då fann dei meg sovande i lugaren. Det var på høg tid ellers hadde dei vel skremt livet av mor mi. Etter endt fiske fekk me kr 3300 i lut (hyre), dette var ganske bra. Kr 3000 gav eg til mor mi, kr 300 behaldt eg sjølv. For mine pengar kjøpte eg blant anna eit par lærstøvlar, men dei var for små, så eg selde dei med tap. Fisket varte i ca. 3 månader.

## ”Idolise”

”Idolise” var ein engelsk seglkutter som hadde 40 hk. Rubb motor. I tillegg var den utstyrt med full seglføring, storsegl, fokk og mesan. Me var eit mannskap på tre. Skipper/reiar var Størksen frå Espevær, maskinist Harald Barane og eg kokk. Dette var ein reke-trålar og fisket føregjekk for



*"Idolise"*

det meste ute på "revkanten", ca. 5 til 6 timars gange SW av Skudenes.

Om bord i denne båten fylte eg 17 år, den 2.6.55. Dagen blei feira i lugaren framme i baugen, med ei plata kokesjokolade. Der låg eg i køya og nytte tilværet, og syntest ikkje at eg hadde det så aller verst, trass i stamping og slingring på veg ut til feltet. Dette fisket var om sommaren, men me hadde for det meste skodde og overskya ver. Kvar gong me var inne i Skudenes og leverte fangst, var det solskinn og fint, men på vegen ut til



*Fiskeskøyter i havn*

feltet var det igjen same drittveret som venta. Etter første rekehalet me hadde, ropte skipperen ned til meg: "Ikkje et opp heile fangsten, me skal levera litt reker også." Han syntest vel at eg åt meir enn eg sorterte.

Det hende at me låg i Haugesund om helgane. Då reiste skipperen heim med rutebåten, og me to ungarane styrte ståket aleine. Ei helg me låg i byen fekk eg beskjed om at Olav, bror min, var innlagt på sjukehus. Det var heldigvis berre blindtarmen, så han var snart på beina igjen.

Ein tur inn frå feltet hadde me frisk vind og alle segla var sette. På vegen møtte me fleire engelske marinefartøy. Det var skøy å sjå at dei styrte av vegen for oss. Me var jo eit seglfartøy som dei då hadde vikeplikt for. På ein annan tur under frisk seglas gjekk også rubben for fullt. Farten blei så stor at propellvengene blei slått på akterover. Etter eit bra fiske, slutta me av for å gjera klar til vinterfisket.



*"Idolise" si heimhavn*

## "Fram II"

Denne skøyta var eg med på silledriving vinteren 1956. Dei fleste av mannskapet var frå Kalavåg, Lars Strand var skipper / reiar. Me hadde ein brukbar vinter. Først var me nordover til Måløy på drivgarnfiske. Deretter på botnagarnfiske på heimlege trakter. Dette var skjære rovfisket

samanlikna med driving. Når garna skulle dragast, var det ikkje alltid like lett å finne dei igjen. Peremann hadde fast jobb med å sjå etter blåsene, og såg ikke han dei, var det ingen andre som klarte det heller. Han lukka det eine auga, og då var han like klarsynt som ei ørn.

Eg var kokk på denne skøyta også, ikkje fordi eg var så flink til å koka, men det var ingen andre som ville ha jobben. Byssa bestod av eit lite avhukk nede i lugaren, så det var ikke store plassen som var til rådighet.

Etter at me hadde vore heimom i helgane og så kom om bord igjen, var pumpelukta så skjerande at Peremann hadde ein appelsin under nasa for å få sova.

Då vinterfisket var avslutta, blei eg spurd om eg ville vera med på reketråling. Eg hadde litt erfaring med dette frå "Idolise". No var me berre tre mann, Lars Strand, Robert Kallevåg og meg. Me trålte ein del nord for Nordøyane og elles rundt her heima. Var også ein tur ned til Egersund i nokre veker og fekk ganske bra med reker.


På heimturen frå Egersund låg me i grauttjukk skodde utanfor Beiningen fyr. Her blei me pårent av "Gulholm" som me hadde gått saman med, men skadane var minimale. Etter at me kom heim igjen, mønstra eg av for å reisa ut med ein annan båt.

## "Barodd I"

Dette var ein fin båt, syntest eg. Den hadde 50 hk. Rubb motor, og den gjorde god fart. Me var tre mann, Helmer Barane, Alfred Barane og meg. No skulle me i makrellfarten og gjekk



*"Fram II"*



*"Fram II" si heimehavn, Kalavågvågen*

til Kristiansand for å venta på last. Her blei me liggjande i fleire veker før me fekk første lasta,

som me førte til Oslo. Me låg mykje i denne havna i løpet av sommaren, og det var ein veldig fin by.

Her fyllte eg forresten 18 år. Kvelden før 18-årsdagen fikk eg ikkje komma inn på Festningen (uterestaurant) fordi eg var for ung.

Eg var kokk på denne båten også. Her gjekk det mykje på makrell til middag, dvs. me kunne eta av lasta. Her var byssa oppe på dekk, så det var mykje trivelegare. Dette var ein fin sommar med mange fine turar langs sørlandskysten og nokre turar til Stavanger.

Helmer var ein grei mann å vera saman med. Eg likte også båten, så eg blei med på driving vinteren 1957.

På ny blei det spørsmål om eg ville vera kokk. Tilbudet var så bra at eg kunne ikke anna enn å godta det. Eg skulle vera fritatt for å vera med å setja lenken, og få kr 800 ekstra for kokejobben. Mannskapet om vinteren bestod av 8 mann. Det var skipper Helmer Barane, Alfred Barane, Kristoffer Tollevik, Martin Vold, Ingvald Hovland, Edvind Vorland, Artur Vestvik og Amund Vold. Barodden var ein svært god båt, og me gjorde eit bra fiske.



*“Barodd I”*

## ”Bellatrix”

Etter at vintersildfisket var slutt, leigde Helmer Barane ”Bellatrix” for ein tur til Sverige med sild frå Møre. Ein del av silda lossa me i Gøteborg til ”Elisabeth Bakke” som gjekk i linjefart på Syd-Amerika. Om bord i denne båten var Andreas Vespestad styrmann. Eg syntest at dette var ein meget flott båt. Nokre år seinare seilte eg med same båten som 1.styrmann. Vel heima igjen mønstra eg av. No ville eg ut på langfart og sjå litt meir av verda enn den norske kyst og Skandinavia.



*Artur Vestvik og Andreas Vespestad (Lillen)  
i Gøteborg 1957*



*“Bellatrix”*

# Kystskipperskule på Bømlo

Etter krigen og utetter 1950-talet vart fiske- og fraktebåtane stadig meir moderne og større. Behovet for navigatørar auka deretter. I kommunane langs kysten vart det difor sett i gong tre månaders kurs for ungdom som ville ta kystskippereksamen. Fleire kommunar gjekk saman om å tilby desse kursa, og staden der kursa vart haldne skifta frå år til år.

Hausten 1956 vart kystskipperskulen lagt til dåverande Bømlo kommune. Undervisninga foregjekk i kjellaren i det nye bedehuset på Vold. Lærar var J. Holmboe Oxaas frå Bergen. Mange av deltakarane på kurset var frå Bømlo, men nokre var tilreisande frå andre kommunar og måtte såleis bu på hybel.

Den 8. desember var det avslutningsfest for kurset. Til festen hadde læraren, J. Holmboe Oxaas frå Bergen, førebudd eit langt dikt som han framførte. Diktet hadde eitt vers til kvar av deltakarane. I løpet av kurset hadde han notert seg småting som elevane hadde sagt eller gjort, og dette sette han så saman til små vers. Diktet utgjorde altså ei slags munter oppsummering av kurset med ein liten karakteristikk av kvar deltakar, men var samtidig ein avsluttande takketales frå læraren.

Dikt og bilete har Leidarsteidn fått frå Peder Toft.



*Framme f.v. Kolbjørn Lønning, Erling Eide, Erling Lønning, Per Noven (Bakkasund), Johannes Hille (Bakkasund), J. Holmboe Oksås (Bergen - lærar), Robert Kallevåg, Torleif Grønås (Moster), Bård Drønen (Austevoll). Bak f.v. Martin Eidesvik, Kjell Misje (Misje), Gerhard Drønen (Austevoll), Johan Vold, Odd Kalvanes (Selbjørn), Per Lønning, Gerhard Grønås (Moster), Artur Vestvik, Kjell Lønning, Lars Skoge, Peder Toft, Sigmund Hillersøy.*



**Ved eksamensfesten for Kystskipperskolen på  
Bømlo 8. desember 1956**

**FRA LÆREREN TIL ELEVENE**

*I bedehuskjelleren fikk vi et lokale som var stort,  
lyst og trivelig, et skolerom som det var hyggelig å  
undervise i. Det er ikke bare skolelokalet jeg har satt  
pris på, men også på dere 20 som skulle på kurset gå*

*Eksamen er nu over og resultatet er godt,  
så jeg tror dere litt navigasjon inn i hodet har fått.  
Det har vært en fryd, en glede med mere,  
for mig å kunne arbeide sammen med dere.*

*Når det nu er slutt med dette kurset,  
kan jeg godt forstå dere føler dere helt beruset  
av fryd og glede over at dere eksamen har fått,  
og fordi det hele så fint og smertefritt har gått.*

*Jeg skjønner så godt at dere nu vil hvile litt,  
for det har jo vært nokså meget slit.  
Der var jo så meget dere skulle lære,  
ja nesten mere enn en mann kan bære.*

*Der skulle læres strømkobling, både  
omvendt og rett, og det var neimen ikke så lett.  
Så var der om Merkartorkart, og Loksodrom,  
som dere glemte snart.*

*Dessuten hadde alle ting sine feil, og det ble galt,  
hvis man ikke anvendte pluss eller minus på alt.  
Stundom skulle pluss trekkes fra og minus legges til,  
ja slik var det, tro det om dere vil.*

*Så var det Deklinasjon, og Isogoner som viser  
misvisning, Kimingdaling, Paralaks og mange andre  
rare ting. Det var ikke rart om min tålmodighet ikke  
alltid rak til, så dere får unskylde mig, om jeg av og  
til ble litt vill.*

*Vi har hatt alvor, men også litt spøk iblandt,  
derved var det nettopp vi den rette stemning fant,  
slik at arbeidet kunne gå med liv og lyst,  
og hver og en av dere har tatt sin dyst.*

*Elever pluss lærer blir et antall av en og tyve,  
og det jeg nu siger, blir sagt uten å lyve:  
nemlig at jeg synes vi det riktig hyggelig har hatt,  
selv om dere nu er både utslitt og matt.*

*En og tyve karer i 10 uker sammen,  
har naturligvis hatt både liv og gammen.  
Meget av det passer kanskje ikke på papir,  
men vi husker alt selv, så vi kan ta oss en god flir.*

*Til minne om tiden vi har hatt sammen her,  
vil jeg nevne et par ord om hver især,  
og håper at ingen vil føle sig støtt,  
selv om det jeg siger er hardt som en nøtt.*

*En av de første dagene var alt Gerhard Drønen blitt  
så stor, at han gikk opp for å sette sig ved lærerens  
bord. Jeg sa han gjerne kunne sitte der oppe, og ta  
jobben min, men da kom han sig kvikt ned til plassen  
sin.*

*Når Bård Drønen hørte om seilskuter, så han rødt,  
og sa at det var fartøyer som aldri skulle vært født,  
korfor skal vi om alt det tøyset lære,  
når vi uten seilskuter klarer oss så meget bere.*

*Fyrenes klippende, røde og grønne sektorer er der  
fanteri i, fortalte Artur Vestvik en dag han noget om  
dette skulle si. Dette fanteriet måtte vi holde oss godt  
klar, og det kunne vi gjøre i de sektorer, som hvit var.*

*Om redningsstol med lineskytende apparat og  
tilbehør, fortalte Odd Kalvenes helt korrekt som sig  
hør og bør. Men da han kom så langt, at han skulle  
hales i land, ville Odd helst sitte i en gyngestol han.*

*Strøm er det som i sjøen er, svarte Kolbjørn Lønning,  
men der har vi jo også både sild, fisk og dønning.  
Faller Kolbjørn i sjøen en dag, mener han sikkert,  
om så galt skjer, at han med en gang blir til strøm,  
fordi han i sjøen er.*

*Lars Skoge er en kar, som er mere enn smart,  
for når læreren spør ham om noget, svarer han  
snart, men ikke på det han blir spurt om, som han  
ikke kan, nei, han forteller om noget han har greie  
på, ja slik er han.*

*På tavlen skulle Kjell Lønning regne omvendt  
strømkobling, og dette syntes han visst var lettere  
enn ingenting. Jeg spurte om han hadde fått nok data  
til oppgaven å besvare, han svarte, eg har fått så  
altfor mange tal til dette å klare.*

Erling Eide kan ikke like høyre og venstre side på fty, men babord og styrbord vet han ka skal bety. Til ankers i tåke skal han ringe med klokken, det er en klar sak, men er fartøyet stort siger Erling, må eg også gi lyder bak.

At vi har fått ny styringsplakat har Johan Vold greie på. Jeg spurte ham, hvordan det er med den gamle nå, og Johan svarte at de gamle styringsregler er sameleis no som før, så neimen om jeg skjønner ka forandring den nye plakaten gjør.

Robert Kallevåg går nøye til verks med alt han gjør, og siger, skal han korrigere kompasset, må han like før snu skuten rundt og ryste den både vel og lenge, for derved kan han magnetismen bort fra fartøyet slenge.

Å ture bryllup var det rette for Sigmund Hillerøy, før han ville unnvære det ville han heller døy. Om han var borte fra skolen en dag eller to, kanskje tre, gjorde det ingenting, bare han i bryllup fikk være med.

Per Noven drog også til Ålesund for å holde fest, og det likte han sikkert godt, som folk gjør flest, for han glemte helt leksene og at han på skolen gikk, så jeg lurer på, om han i Ålesund en kjærreste fikk.

Som skipper likte Erling Lønning seg meget godt, når han mig til rors på skuten vår hadde fått, for når han peilte, ropte han "nå" så høyt, det uhyre, at jeg ble så skremt, at jeg glemte helt å styre.

Peder Toft hadde god greie på ka tidsjevning var, og for at han alltid kunne ha den i orden og klar, kjøpte han på kramboden en stor pose mjøl, slik at han kunne lage all den jevningen sjøl.

Styringsreglene i norske farvann hadde Gerhard Grønås greie på, han visste ka lettelser ved lanterneføringen fartøyer kunne få, nemlig når de på to nautiske mil hverandre kunne se og høre, behøvet de fra soloppgang til solnedgang ingen lanterner føre.

Martin Eidesvik er slik som de andre på de fleste måter, men han kan komme med ting, som lyder som gåter, såsom at sidelanternenes skjermer framom lanternene skal stå, gåten er: "Kordan kan en da lanternene sjå."

Sitt havarerte fartøy må Kjell Misje forlate i en av livbåtene, og de har klart sig gjennom de ytterste og farligste bråtene. Kjell roper: "Hopp i sjøen på alle sidene når vi i bunnen tar." Så det er ikke godt å vite, hvor mange sider han på båten har.

Johannes Hille er helt klar over at målestokken i et kart ikke er en spaserstokk, og heller ikke noget annet rart. Men han forsøkte å innbilde oss, som kunnskap om dette trenger, at målestokken gjør en centimeter mange tusen ganger lenger.

Fra Moster har vi Torleif Grønås og hans bror, som er nevnt før. Torleif er rolig og samvittighetsfull, og vet hvad han gjør. Når jeg unntar læreren, er han den eldste mann i laget, og han har hele tiden kjempet hardt for å vinne slaget.

Per Lønning er god, når han skal måle vinkler med transportør, slik vi har lært det på skolen, på den gamle måten som før. Men når han til det ville ha en transformator, tror jeg spenningen på vinklene blir altfor stor.

Til slutt har vi læreren, nummer en og tyve i tallet. Han er en gammel kar, som er begynt å bli skallet. Mangt galt har han under kurset både sagt og gjort, skulle jeg nevne alt, ble det et dokument som var stort.

La dette være et minne om tiden vi sammen har hatt, og minnene fra skolen er ikke triste, som den mørke natt. Nei, de er lyse og glade, de blir hyggelig å tenke tilbake på. Det er bare trist at tiden i Bedehuskjelleren så hurtig skulle gå.

Om nu vi skal gå hver vår vei, og skille lag, håper jeg våre veier møtes en eller annen dag. Ser dere mig noen gang på gate, sjø eller land, kom da bort til mig, så vi prate litt sammen kan.

Når vi nu er samlet her til fest og hyggelig kalas, ønsker jeg dere alle en god fremtid og sikker seilas. Gid hell og lykke må følge dere på land og på sjø som er salt. Jeg slutter nu med: "Hjertelig takk for alt."

Med hilsen  
J. Holmboe Oxås

# Før og no



*Eidesvik i 1960 og 2010.*

*Foto oppe: Kristian Magnus Vikse. Foto nede: Bernt Emil Vika*



*Langevågområdet, med Vespestad i forgrunnen, ca. 1957.  
Foto frå Erling Eide*

Biletskanning, formgjeving og sideombrekking:  
Bernt Emil Vika  
Trykkeri:  
Leirvik Trykkeri, Stord  
Opplag:  
800 stk.